

## Innhald

1.	Samandrag .....	2
2.	Bakgrunn og føresetnader for saka.....	3
3.	Økonomisk ramme.....	4
4.	Elevgrunnlag .....	5
5.	Krav til oppfyljing av klassane for at dei blir sette i gang .....	7
6.	Omval i vidaregåande opplæring .....	9
7.	Plasstal på yrkesfag i skulane i nordfylket.....	10
8.	Prosess rundt utarbeiding av opplæringstilbodet .....	12
9.	Kunnskap om regionale kompetansebehov .....	13
	Dialog med opplæringskontor .....	14
	Søkarar til læreplass som fekk godkjent lærekontrakt i 2019 .....	16
10.	Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar i opplæringstilbodet .....	18
10.1.	Yrkesfaglege utdanningsprogram .....	18
10.1.1.	Bygg- og anleggsteknikk (BA) .....	18
10.1.2.	Elektro og datateknologi (EL).....	21
10.1.3.	Frisør-, blomster- interiør og eksponeringsdesign (FD) .....	23
10.1.4.	Handverk, design og produktutvikling (DT).....	24
10.1.5.	Helse- og oppvekstfag (HO) .....	24
10.1.6.	Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM).....	26
10.1.7.	Naturbruk (NA).....	26
10.1.8.	Restaurant- og matfag (RM).....	27
10.1.9.	Sal, service og reiseliv (SR).....	28
10.1.10.	Teknologi- og industrifag (TIP).....	29
10.2.	Studieførebuande utdanningsprogram.....	31
10.2.1.	Idrettsfag (ID).....	31
10.2.2.	Kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama (KDA, ME og MDD) .....	32
10.2.3.	Påbygging til generell studiekompetanse (PB) .....	34
10.2.4.	Studiespesialisering (ST).....	35
10.2.5.	Innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar .....	35
11.	Vidaregåande opplæring for vaksne .....	35

# 1. Samandrag

Saka gjer greie for opplæringstilbodet som skal lysast ut for skuleåret 2021/22. Saka bygger på dei tilbod som er sett i gang inneverande skuleår, og viser fylkesdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering og tilråding til opplæringstilbod skuleåret 2021/22.

Første delen av saka gjer greie for ulike føresetnader for sak om opplæringstilbod 2021/22. Finansutvalet sitt prosessvedtak 29.9.2020 er ei viktig ramme for kva tilbod fylkesdirektøren tilrår blir lyst ut for komande skuleår. Prosessvedtaket legg til grunn ein reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren på 20 mill. kr.

Ein annan viktig føresetnad for saka og dimensjonering av opplæringstilbodet er søkargrunnlaget til vg1. Avgangselevane frå 10. trinn utgjer hovudmengda av søkarar til vg1, med tillegg for elevar som gjer omval eller har vore ute av opplæring, og fråtrekk for søkarar som ikkje vel å nytte tilbodet om fylkeskommunal vidaregåande opplæring.

Som grunnlag for saka har fylkesdirektøren innhenta innspel frå dei regionale samarbeidsforuma gjennom Kompetanseforum Vestland. Disse innspela ligg som vedlegg til saka saman med innspel frå opplæringskontor. Fylkesdirektøren inviterte alle opplæringskontora i Vestland fylke til digitale møte 1. og 2. oktober, der dei blei inviterte til å gi innspel på opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22. Desse innspela er også kort oppsummerte i saka. Vidare blir innspela kommenterte under fylkesdirektøren sine framlegg til endringar.

Fylkesdirektøren vil gjere greie for kva prosessar som ligg til grunn for saka og tilrådingane. Utgangspunktet har vore vedtak i hovudutvalet 14.1.2020 om plan for prosess om sak om opplæringstilbodet. God dialog med sentrale samarbeidsaktørar er viktig for å få eit godt bilete av behova i arbeidslivet og for å drøfte utfordringar knytt til rekruttering innan ulike fagområde. Viktige innspel har vore regionale samarbeidsforum, opplæringskontor og dei vidaregåande skulane.

I tilsvarande sak i fjor haust la fylkesdirektøren til grunn at ein del av harmoniseringa mellom dei to tidlegare fylkeskommunane innebar at Sogn og Fjordane auka plasstalet i yrkesfag frå 12 til 15 elevar. På det tidspunktet var det berre i utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag og sal, service og reiseliv det var 15 plassar per klasse. Dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma hadde i all hovudsak 12 plassar i kvar klasse. I dei vidare prosessane gjennomførte bedriftshelsetenesta Stamina ei kartlegging februar/mars 2020, men som ikkje omfatta alle skulane. Norconsult fekk i oppdrag å utarbeide ein rapport der dei vurdererte kapasitet og tal rom, både teorirom og spesialiserte læringsareal/verkstader. Vurderingane deira ligg som eit sentralt kunnskapsgrunnlag i fylkesdirektøren sine tilrådingar for plasstal på yrkesfag i nordfylket.

Krav til oppfylingsgrad og igangsetting av klassar er viktige kriterium for opplæringstilbodet som blir vurdert og til slutt tilrådd sett i gang neste skuleår. Fylkesdirektøren har i denne saka vurdert kva oppfylingsgrad som bør ligge til grunn for Vestland fylkeskommune. Økonomi og effektiv bruk av ressursar, halve klassar, tidlegare praksis, andre fylkeskommunar sin praksis, sårbare tilbod og vurdering av arbeidslivet sitt behov for kompetanse er alle sentrale vurderingspunkt når fylkesdirektøren legg fram tilråding om krav til oppfylingsgrad.

I siste del av saka går fylkesdirektøren gjennom kvart utdanningsprogram med samla framlegg til endringar. Desse endringane er vidare sortert innan nærskuleområde.

Til saka ligg det følgande vedlegg: Tilråding til det samla ordinære opplæringstilbodet for 2021/22, innspel frå dei vidaregåande skulane, innspel frå opplæringskontor og innspel frå dei regionale samarbeidsforuma.

## 2. Bakgrunn og føresetnader for saka

Saka gjer greie for opplæringstilbodet som skal lysast ut for skuleåret 2021/22. Saka bygger på dei tilbod som er sett i gang inneverande skuleår og vurderingar om tilbod som blei justert ned våren 2020 skal lysast ut igjen. Saka viser fylkesdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering og tilråding til opplæringstilbod skuleåret 2021/22. Våren 2021 vil fylkesdirektøren legge fram ei sak om justering av i opplæringstilbodet for å tilpasse opplæringstilbodet til søkartala.

### Rett til vidaregåande opplæring

I opplæringslova § 3 er rammene for retten til vidaregåande opplæring gitt. Her er tatt med ledd i paragrafen som har konsekvensar for fylkeskommunane sitt arbeid med dimensjonering av opplæringstilbodet. [Heile lova finn de her.](#)

#### § 3-1. Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Første ledd: Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette gjeld òg dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen. Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til den vidaregåande opplæringa.

Tredje ledd: Retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skuleåret som tek til det året ein fyller 24 år.

Fjerde ledd: Elevar har rett til å gjere eitt omval, og får då rett til utvida tid så dei kan fullføre opplæringa.

Sjette ledd: Søkarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Søkarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet.

Sjuande ledd: Departementet gir forskrift om inntak.

Alle som er omfatta av lova har rett på tre års heiltids vidaregåande opplæring (vg1, vg2 og vg3) Retten til opplæring (kalla ungdomsrett) gjeld no ut det skuleåret som tek til det året dei fyller 24 år. Tidlegare var retten avgrensa til fem år frå starttidspunktet, men blei fjerna slik at ungdom no har ungdomsrett heilt fram til dei går over til vaksenrett. Vaksenretten gjeld for personar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring medan dei hadde ungdomsrett (dei har fullført sjølv om dei ikkje har bestått).

Omval vil seie at ungdomane startar på eit nytt utdanningsprogram på vg1 eller nytt programområde på vg2. Ved omval får dei utvida ungdomsretten slik at dei kan fullføre vg3 i nytt løp. Dei kan gjere fleire omval, men får berre utviding av retten ein gong. Omfanget av omval vil kunne påverke dimensjoneringa. Vurdering av kor mange elevar som gjer omval må bygge på erfaringstal.

Til vg1 har ungdomane rett til inntak på eitt av tre søkte utdanningsprogram. Opplæringslova gir dei ikkje rett til å få inntak til ein bestemt skule.

Forskrift til opplæringslova er utfyllande til lova og [§ 6 i forskrifta](#) omhandlar inntak til vidaregåande opplæring, søkarane sine rettar og plikter, grunnlag for inntak, rekkefølge ved inntak m.m., og er styrande for fylkeskommunane.

### Ny lokal forskrift for inntak og formidling

Vestland fylkesting vedtok 29.9.2020, sak [PS 107/2020](#), ny lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune. Det er vedtatt åtte nærskuleområde, og søkarane konkurrerer med nærskulepoeng og karakterpoeng til tilbod ved skulane i områda. Til dei skuletilbod nærskuleområde ikkje har, får søkarane nærskulepoeng til alle skulane i fylket som har dette skuletilbodet.

Korleis ny inntaksmodell vil påverke søkemønster og dimensjonering av opplæringstilbodet vil fylkesdirektøren fyrst kunne vurdere etter første prøveinntak våren 2021. Følgeleg kan sak om justering av opplæringstilbodet våren 2021 ta effektar av modellen opp i seg.

Jamfør vedtakspunkt 3 i same sak skal nærskulematrisa evaluerast kontinuerleg for å rette opp utilsikta negative konsekvensar. Hovudutval for opplæring og kompetanse har fullmakt til å gjere justeringar i matrisa.

### 3. Økonomisk ramme

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 legg rammer for opplæringstilbodet. Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama i møte 16.9.2020 PS 37/2020 arbeidsdokument 4/20, som m.a. beskriv salderingsbehov i sektoren. Vidare handsama finansutvalet [sak PS 9/2020 Budsjett 2021/ - økonomiplan 2021-2024 – arbeidsdokument 4/20](#). Budsjett blir endeleg handsama i fylkestinget desember 2020.

Sak om opplæringstilbod, skuleåret 2021/22 blir lagt fram til slutthandsaming i hovudutvalet før fylkestinget vedtek budsjett for 2021. Prosessvedtaket frå finansutvalet er lagt til grunn for ramma for opplæringstilbodet komande skuleår. Finansutvalet gjorde følgande prosessvedtak 22.09.2020:

Punkt 8:

Opplæring og kompetanse: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingnivå og salderingstiltak med slike endra salderingar:

- a) Bruk av disposisjonsfond – 15 mill.
- b) Bruk av pensjonsmidlar – 30 mill.
- c) Reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren - 20 mill.
- d) Reduksjon driftsbudsjett, innarbeiding av enkelte salderingstiltak arbeidsdokument 4/2020 - 10 mill.
- e) Finansutvalet har i denne fasen ikkje tatt stilling til dei einskilde salderingstiltaka frå fylkesrådmannen som inngår i punkt d).

Vedtaks punkt 8c gir eit nedtrekk i ramma for opplæringstilbodet samanlikna med inneverande skuleår, og får konsekvensar for tal klassar som blir lyst ut for skuleåret 2021/22.

På bakgrunn av salderingsbehov og prosessvedtak i finansutvalet er desse føresetnadene lagt til grunn i utarbeiding av sak om opplæringstilbod 2021/22:

- Det blir lyst ut netto 12 færre klassar samanlikna med kva tilbod som blei sett i gang skuleåret 2020/21. Blir utlyst tilbod sett i gang gir dette ei innsparing på 18 mill. kr. 8 190 000 kr. er haustverknad 2021 og 9 810 000 kr. er vårverknad 2022.
- Det blir ikkje lyst ut tilbod ut over det som er sett i gang skuleåret 2020/21, med unntak av der skulane må auke opp tilbodet som følgje av tilsvarande sak hausten 2019 og justeringssak våren 2020. I tillegg kjem implementering av nye/endra programområde på vg2.
- Ved behov eller ønske om å opprette eller auke opp tilbodet ved ein skule, må det reduserast tilsvarande på eit anna tilbod.
- For nokre av tilboda der det blir lyst ut halve klassar for søkarar med ungdomsrett, blir det også oppretta halve klassar for søkarar med vaksenrett. Desse gruppene vil då utgjere ein heil klasse, med ulik finansieringskjelde. Det kan bidra til å oppretthalde tilbod over tid, og som elles hadde vore vurdert lagt ned eller redusert. Samla sett gir det ei betre ressursutnytting.
- Elles restriktiv haldning til oppretting av halve klassar.
- Føringer i budsjettet for 2021 og innsparingskrav gjennom økonomiplanperioden gjer det naudsynt å legge til grunn ein hovudregel om oppfyllingsgrad på 85 %.

Den økonomiske ramma set monalege avgrensingar i handlingsrommet for å tilpasse opplæringstilbodet særleg på kort sikt. Både skular, opplæringskontor, lokale samarbeidsforum og andre aktørar gir konstruktive tilbakemeldingar i form av behov for kompetanse og arbeidskraft.

Når føresetnaden er ein reduksjon i ramma er det avgrensa handlingsrom for å tilrå auke i tilbod ved enkeltskular. Fylkesdirektøren har bede alle skulane om innspel på endringsforslag i deira portefølje av opplæringstilbod. Denne kartlegginga viser t.d. at eit fleirtal av dei vidaregåande skulane i fylket på ulikt grunnlag ser eit behov eller ønske om å auke opp tal klassar for komande skuleår. Andre skular kjem med ønske om å t.d. gjere om heile klassar til halve klassar for å tilpasse lokale behov eller på bakgrunn av elevtalsgrunnlag. I fleire tilfelle medfører det ein auka kostnad som fylkesdirektøren ikkje har funne moglege å tilrå i denne saka.

## 4. Elevgrunnlag

Tal frå GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem) i tabell 1 viser at det er 7634 elevar som går på 10. trinn ved ein privat eller offentleg grunnskule i Vestland fylke inneverande skuleår. Desse tala blir oppdaterte i GSI i løpet av hausten, og fylkesdirektøren har derfor også gjort ei eiga kartlegging hos alle grunnskulane for å få oppdaterte tal på elevar på 10. trinn. Tala i tabell 2 er resultat av tilbakemeldingar frå kvar offentleg grunnskule i fylket og GSI-tal som viser forventa avgangselevar frå 10. trinn i dei private grunnskulane.

	Vg1 2021/22	Vg1 2022/23
Vestland	7634	7659

Tabell 1: Elevtal, avgang frå 10. trinn. GSI.

Vestland fylke	Vg1 2021/22
Offentlege grunnskular	7240
Private grunnskular (GSI-tal)	420
Sum	7660

Tabell 2: Elevgrunnlag offentlege og private grunnskular

Tal frå GSI viser at 420 elevar i private grunnskular går ut av 10. trinn våren 2021, alle frå sørfylket. Over halvparten av desse går på Danielsen grunnskule og St Paul. Majoriteten av elevane som går i private grunnskular vel som oftast eit privat tilbod også i vidaregåande skule. Dei private skulane har kapasitet til å ta imot om lag 1000 elevar på Vg1. Erfaring og tal frå [Skoleporten](#) viser at desse plassane blir fylt opp.

I tillegg til avgangselevar må ein legge til forventa søkargrunnlag frå grunnskule for minoritetsspråklege og innføringstilbod, og elevar som har gjort omval, har hatt opphald eller er vaksne. Ein må nytte erfaringstal for å prognostisere kor mange det er snakk om.

	Vestland
Avgangskull 10. trinn	7660
Avgangselevar frå grunnskule for minoritetsspråklege, og innføringstilbod	115
Elevar som gjer omval, vg1 over to år, har hatt opphald eller er vaksne	670
Elevtal vg1 i private skular/andre tilbod utanfor VLFK	-1040
Elevar i tilrettelagde grupper som søker vg1	300
<b>Forventa søkargrunnlag til vg1</b>	<b>7705</b>

Tabell 3: Forventa søkargrunnlag til vg1.

Det er usikkerheit knytt til dimensjonering av vg1. Dette er særleg på grunn av søkarar som søker både private og offentlege tilbod. I tillegg er det ein del søkarar til vg1 som har hatt eit opphald etter grunnskule eller eit tilbod i vidaregåande opplæring. Elevar som går i tilrettelagde tilbod (HT, HTA, HTH) vil også kome fram som søkarar til vg1, sjølv om dei allereie går i eit tilbod.. Dette kan ved første prøveinntak gjere at det kan sjå ut som om fylkeskommunen har for få tilgjengelege plassar.

## Dimensjonering av vg1 til nærskuleområda

For å ta i vare prinsippa om nærskulemodellen har fylkesdirektøren sett tal avgangselevar i dei ulike nærskuleområda opp mot kapasiteten i tilrådinga. Tabellen under viser område for område med kommentarar.

I enkelte område er det avvik mellom elevgrunnlag og kapasitet. For Sunnhordland vil avviket i stor grad tilsvare tal ungdomar som går på skule i Rogaland. I Stor-Bergen skuldast avviket i stor grad eksisterande skule- og tilbodsstruktur.

Nærskuleområde	Namn	Avgangselevar våren -21	Kapasitet vg1 i tilrådinga	Differanse	Kommentarar
1	Sunnhordland	842	693	-149	Om lag 120 elevar frå Sunnhordland går på skule i Rogaland, gjennom gjesteelevavtalen.
2	Hardanger Voss	526	558	32	
3	Stor-Bergen	4045	4337	292	Det er 210 klassar på vg1 nivå i nærskuleområde. Overkapasitet er resultat av eksisterande skule- og tilbodsstruktur.
4	Nordhordland	391	422	31	
5	Indre Sogn	378	361	-17	
6	HAFS	133	83	-50	Til skuleåret 2020/21 søkte 46 % av avgangselevane i nærskuleområde til skulen. 15 søkarar søkte utdanningsprogram skulen har, men ved andre skular, og desse vil inngå i rekrutteringsgrunnlaget i nærskulemodellen. Dette gir akseptabel kapasitet.
7	Sunnfjord og Sogn	532	612	80	
8	Nordfjord	393	489	96	Over halvparten av elevane med musikk, dans og drama kjem frå andre nærskuleområde. I tillegg har vi 15-20 søkarar frå Møre og Romsdal som, gjennom gjesteelevavtale konkurrerer på like vilkår som egne søkarar.
Sum Vestland		7240	7555	315	Samla er det 392 klassar på vg1-nivå i tilrådinga.

Tabell 4: Elevgrunnlag og kapasitet i nærskuleområda.

Då skuleåret 2021/22 blir første år med nærskulemodell, er det naturleg å synleggjere tal avgangselevar i kvart nærskuleområde sett opp mot fylkesdirektøren si tilråding til kapasitet i det enkelte område. Tabell 4 viser tal avgangselevar på 7240. Det er ikkje mogeleg å på ein treffsikker måte korrigere dette talet i nærskuleområda slik at tal elevar som gjer omval, har hatt opphald, er vaksne eller går i eit tilrettelagd tilbud på vg1 blir tilpassa for kvart område. Prøveinntaket våren 2021 vil vise behovet for justeringar.

På vg2 yrkesfag er det i tilrådinga underdekning i nokre utdanningsprogram. Etter søknadsfristen 1. mars vil fylkesdirektøren justere fordeling mellom vg1 og vg2. I sak om justering av opplæringstilbodet må fylkesdirektøren synleggjere at klassetalet er tilstrekkeleg for at alle søkarar med rett skal få eit tilbod.

### Grenseavtalar mellom Vestland fylkeskommune og Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar

I sør har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Rogaland for søkarar med ungdomsrett frå kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Ullensvang kan søke om skuleplass på Haugaland, Karmsund, Kopervik, Sauda, Skeisvang, Vardafjell, Ølen og Åkrehamn vidaregåande skular. Vestland fylkeskommune gir gjesteelevgaranti, slik at søkarane konkurrerer på same vilkår som søkarar frå Rogaland.

I nord har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune for søkarar frå Vanylven kommune kan søke til skulane i Nordfjord. Det er Eid, Stryn, Måløy og Firda vidaregåande skular. I tillegg kan elevar frå tidlegare Hornindal kommune, no del av Volda kommune, også søke skulane i Nordfjord.

Skuleåret 2020/21 kjøper Vestland fylkeskommune 150 plassar på vg1i andre fylke. 118 av desse er plassar i Rogaland fylkeskommune, der majoriteten bur i kommunane Etne og Sveio. Motsett sel

Vestland fylkeskommune 34 plassar inneverande skuleår. 18 av desse er for elevar busette i kommunane Volda og Vanylven.

## 5. Krav til oppfylling av klassane for at dei blir sette i gang

Vestland fylkesting handsama 9. juni 2020 sak 67/2020 [Prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland](#). Punkt 1.3.2 vurderer krav til tal elevar i klassar og oppfylling i klassar.

Krav til plasstal pr klasse kan ha store konsekvensar både økonomisk og for tilbods- og skulestruktur, dette særskilt for skulane i distriktet. Ei avklaring her er derfor viktig med tanke på målsettingane i intensjonsplanen om berekraftig forvaltning av ressursar og eit likeverdig tilbod i heile fylket.

I utgreinga av tal klassar som prinsipp for grunnfinansiering er det lagt til grunn at det må ligge føre krav om minimumsoppfylling ved oppretting av klassar. Dette for å sikre god og berekraftig ressursutnytting.

Fylkesrådmannen legg opp til at krav til tal elevar i klassar og krav til minimumsoppfylling i klassar blir avklara i saka om opplæringstilbodet hausten 2020. Det vil vere mogleg å arbeide vidare med ny budsjettmodell utan avklaring på dette punktet.

Begge dei tidlegare fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane hadde minstekrav til oppfylling i klassane – i Hordaland formulert i prosent, i Sogn og Fjordane formulert i minste primærskartal med ungdomsrett.

### **Sogn og Fjordane:**

Krav om oppfylling i klasser. Minimumskrav yrkesfag: 8; studieførebuande: 20 (MDD: 16). Tok utgangspunkt i primærskolar med ungdomsrett etter første prøveinntak. Minimumskravet for oppfylling blei strengt praktisert.

### **Hordaland:**

85 % oppfyllingsgrad. Som hovudregel hadde Hordaland fylkeskommune krav om oppfylling på 85 % av klassestorleiken for at ein klasse blei sett i gang. I Bergensområdet var erfaringa at 85 %-regelen gjennomgåande blei praktisert. Utanfor Bergen blei regelen praktisert med noko skjønn. Det er særleg når det er omsyn til behov i arbeids- og næringslivet, eller marginale tilbod, at klassar med lågare oppfylling blir sett i gang.

Eit minstekrav vil regulere kva utlyste klassar/tilbod som ikkje blir sett i gang. Eit minstekrav formulert i minste primærskartal med ungdomsrett har mindre rom for skjønn enn ei formulering i prosent. Der ein skule har tilbod i fleire klassar/parallelar, må minstekravet til oppfylling forståast slik at søkartalet ikkje skal fordelast jamt over alle klassane, men at alle klassane først skal fyllast, og at det er oppfyllingsgraden i siste klassen som skal leggast til grunn. Sjølv med minstekrav til oppfylling, kan det likevel oppstå situasjonar der ein må setje i gang klassar som ikkje oppfyller kravet for at ein skal ha plassar til alle elevar med ungdomsrett. Alle søkarar har rett til eit tilbod innanfor eitt av tre ønska utdanningsprogram på vg1 eller eit tilbod på eitt programområde på vg2 som dei er kvalifiserte for.

Dess strengare krav til oppfylling ein har, dess meir vil det vere behov for å praktisere eit minstekrav med skjønn. Omsynet til at alle elevar skal få eit tilbod, å oppretthalde breidde i opplæringstilbodet der det er svakt rekrutteringsgrunnlag og til å oppretthalde små og smale fagområde. Ulempa med eit stort skjønnsrom er at det blir mindre føreseieleg for søkarar, elevar og skular kva tilbod som blir sett i gang. Samtidig er det eit mål at oppfyllingsgrad i klassane bør vere høgast mogeleg for å utnytte ressursane. I det store biletet er det også fulle klassar som er normalsituasjonen.

Krav til oppfyllingsgrad vil primært ha konsekvens for distriktsskular og til nokre av dei - i elevtal - små utdanningsprogramma. For desse tilboda er det ein risiko for at konsekvensane for tilbodsstrukturen på sikt vil vere meir omfattande enn at klassetalet det einiskilde året blir justert ned.



Etter fylkesdirektøren si vurdering kan krav til oppfylingsgrad ha konsekvensar både økonomisk og på sikt for tilbudsstrukturen. Det har også samband med kva kompetanse og arbeidskraft lokalt arbeids- og næringsliv har behov for. Dette i lys av fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle og ansvaret som ligg til regional kompetansepolitikk.

### Halve klassar

I diskusjon og praktisering av oppfylingsgrad er det relevant å også vurdere praksis rundt halve klassar. For å sikre breidde i tilbodet kan det i einstilte tilfelle vere føremålstenleg å lyse ut eller opprette halve klassar. Kvaliteten på opplæringa og at opplæringstilbodet skal vere likeverdig tilseier at det ved oppretting av halve klassar er naudsynt å legge til grunn at det skal vere full deling i programfaga. Oppretting av halve klassar gir derfor dyre tilbod, der to halve klassar kostar 1,5 klassar. For at halve klassar ikkje skal vere ytterlegare kostnadsdrivande må det vere ein føresetnad for at ein skal vurdere å opprette halve klassar, at skulen også har ein annan klasse for felles opplæring i fellesfag. Det vil seie at det er oppretta to halve klassar som kan slåast saman til ein klasse i fellesfag på same skule. I yrkesfag bør, på grunn av yrkesretting av fellesfaga, desse klassane fortrinnsvis vere innanfor same utdanningsprogram. Gitt dei økonomiske rammevilkåra er det naudsynt å ha ein restriktiv haldning til oppretting av halve klassar.

### Oppfylingsgrad i andre fylke

Som ein del av vurderingsgrunnlaget har fylkesdirektøren også vore i dialog med dei andre fylka for å kartlegge kva krav dei har til minimum oppfylling for oppstart av klassar. Tabellen under summerer opp tilbakemeldingane.

Fylke	Minimum oppfylling
Agder	Hovudregelen er minimum 60 % oppfylling
Buskerud og Vestfold	Ikkje fastsett oppfylingsgrad. Distriktsskular har gjerne låg oppfylling pga. rett til tilbod.
Innlandet	60 %
Møre og Romsdal	65 %
Rogaland	Klassar med oppfylling under 70 % skal vurderast lagt ned
Viken	Ingen tilbakemelding.
Troms og Finnmark (Troms)	Minimum 8 elevar, gjeld både studieførebuande og yrkesfag
Trøndelag	Har ressurstildeling per elev og ingen krav til oppfylling.

Tabell 5: Andre fylkeskommunar sin praksis rundt oppfylingsgrad.

Dei fylkeskommunane som har krav om oppfylling fastsett i prosent av plasstalet, har lågare krav enn tidlegare Hordaland sitt krav om 85 %. Troms og Finnmark og Innlandet har oppfylingskrav formulert som tal søkarar og desse er om lag på nivå med nivå i tidlegare Sogn og Fjordane.

Fleire fylkeskommunar har ikkje vedtekne inntakskrav, og vedtak om oppstart av klassar blir gjort i ulike kombinasjonar av administrative og politiske avgjerder.

Oppfylling av klassar er ein føresetnad for berekraftig forvaltning av dei økonomiske ressursane fylkeskommunen har. I dette biletet må ein også vere restriktiv i oppretting av halve klassar, då desse utgjør ein auka kostnad samanlikna med heile klassar. Som vurdert i avsnitta over er det likevel naudsynt å vurdere oppfylling i lys av små og marginale tilbod, årlege variasjonar i elevtalsgrunnlaget, nærskulemodell og arbeidslivets behov for kompetanse og arbeidskraft.

Samtidig ligg det til grunn eit salderingsbehov på 20 mill. kr. i 2021 gjennom klassar og effektiviseringstiltak i sektoren. Vidare innsparingskrav i økonomiplanperioden 2021-2024 gjer at fylkesdirektøren ser det som naudsynt å legge seg på eit relativt strengt krav om oppfylling for igangsetting av klassar i Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren tilrår at det som hovudregel blir sett krav til oppfylingsgrad på 85 %.

Grunnlag for vurdering av kravet til oppfylling er tal søkarar med ungdomsrett i første prøveinntak. Her er søkarane fordelte på det utlyste tilbodet etter korleis dei har konkurrert seg inn med nærskule- og karakterpoeng. Ei tilråding om å ikkje sette i gang eit tilbod pga. for låg oppfylling, må vurderast opp mot søkarane sine lågare ønske, kapasitetsbehov i nærskuleområda og i fylket samla sett. Desse vurderingane blir lagt fram til politisk avgjerd i justeringssaka.



## 6. Omval i vidaregåande opplæring

Som ledd i vurdering av mogelege innsparingar har fylkesdirektøren sett på omfanget og kostnader ved at elevar i vidaregåande opplæring ikkje fullfører opplæringsløpet dei starta på, men startar i eit nytt løp.

Opplæringslova § 3-1 gir, med verknad frå 01.08.2017, alle rett til å gjere eitt omval der dei får utvida ungdomsretten slik at dei kan fullføre utdanninga. Omval kan vere:

- omval etter vg1 til nytt utdanningsprogram på vg1
- omval etter vg2 til nytt utdanningsprogram på vg1
- omval etter vg2 til nytt programområde på vg2

Gjennomgang av søkarstatistikken til inneverande skuleår viser omfang av reelle omval. Dette er søkarar med ungdomsrett og omval var deira første ønske.

Nivå	Tal søkarar	Tal inntatte
vg1 til vg1	249	125
vg2 til vg1	66	31
vg2 til vg2	119	57
<b>Sum</b>	<b>434</b>	<b>213</b>

Tabell 6: omval i Vestland fylkeskommune

Som det går fram av tabellen er det langt fleire som søker eit omval, enn dei som konkurrerer seg inn. Til vg1 i vidaregåande opplæring er inntaksgrunnlaget karakterane frå grunnskulen og til vg2 er karakterane frå vg1 inntaksgrunnlag. Det er ingen tilleggspoeng for alder eller tidlegare gjennomført opplæring.

Då søkarane fekk vite resultatet av første inntaket i juli månad var det 8899 søkarar med ungdomsrett til vg1 og 8302 av desse fekk tilbod om skuleplass i første inntaket. Omvalssøkarane utgjorde såleis ein liten del, 4,9 % av søkarane og 2,6 % av dei inntekne.

Årsakene til omval er mange, og for dei fleste, ikkje veldig dramatiske. Ein del finn ut at det dei starta på ikkje var det dei hadde forventningar om, eller at tilbodet ikkje passa for dei. Nokre har ombestemt seg og ønsker seg ei anna retning. Overgang frå studieførebuande utdanningsprogram til yrkesfaglege utdanningsprogram utgjør 16 % av søkarane til nytt vg1 og 23 % av dei inntekne. Søking frå yrkesfag til studieførebuande utdanningsprogram utgjør 5,7 % av søkarane og 1,6 % av dei inntekne.

Elevar søker også omval i håp om å komme inn på utdanningsprogrammet/programområdet dei helst vil. I førsteinntaket i sommar fekk 78,4 % av søkarane til studieførebuande utdanningsprogram inntak på første ønske, medan 72,3 % av søkarane til yrkesfag fekk inntak på første ønske. Ved elevteljinga i september var prosentdelen første ønske 82,4 % og 77 %.

Det er fleire årsaker til at fleire unge er inntatte på første ønske i september enn i juli – det er store bevegelser i elevmassen i løpet av sommaren. Kvar gong nokon får eit skuletilbod på eit høgare ønske, utløyser det dominoeffekt, der mange får nye tilbod. I tillegg går den samla oppfylingsgraden alltid noko ned. Søkarar får tilbod på høgare ønske eller takkar nei til tilbod, og ein del av desse plassane blir ikkje fylt opp igjen i løpet av inntaksprosessen. Samla oppfylling i vg1 etter 1. inntak var 97,5 %, etter ajourhaldet i september 93,6 %.

Tabellen viser fordeling av dei 213 søkarane som fekk inntak etter omval, der 23 av dei er til studieførebuande og 190 til yrkesfag.

Nivå	Inntatte til studieførebuande	Inntatte til yrkesfag
vg1 til vg1	11	114
vg2 til vg1	1	30
vg2 til vg2	11	46
<b>Sum</b>	<b>23</b>	<b>190</b>

Tabell 7: omval i Vestland fylkeskommune

## Vurdering

Søkarane har ein lovfesta rett til omval. Det er mange årsaker til at søkarar gjer omval, og totalt utgjer prosentdel av omval 4,9 % av søkarane og 2,6 % av dei inntekne til vg1. Sjølv om det er ein kostnad knytt til omvalet søkarane gjer, er det i praksis vanskeleg å hente inn denne kostnaden, då søkarane er spreidd på utdanningsprogram og skular.

## 7. Plasstal på yrkesfag i skulane i nordfylket

I sak om opplæringstilbod 2020/21 la fylkesdirektøren til grunn at ein del av harmoniseringa mellom dei to tidlegare fylkeskommunane innebar at Sogn og Fjordane auka plasstalet i yrkesfag frå 12 til 15 elevar. På tidspunktet var det berre i utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag og sal, service og reiseliv det var 15 plassar per klasse. Dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma hadde i all hovudsak 12 plassar i kvar klasse.

I arbeidet med saksførebuinga gjennomførte fylkesdirektøren samtale med alle skulane der ein gjorde ei konkret vurdering av auke i plasstalet i det enkelte utdanningsprogram og klasse. Plasstalet blei auka med 1-3 plassar etter skulane si vurdering.

Bedriftshelsetenesta Stamina gjennomførte ei kartlegging februar-mars 2020, men fordi den ikkje omfatta alle involverte skular var det behov for vidare utgreiing. Norconsult fekk då eit oppdrag om å gjennomføre ei analyse og konkret vurderere om det er areal nok til å auke plasstal frå 12 til 15 på yrkesfaglege utdanningsprogram ved Flora, Eid, Måløy og Sogndal vidaregåande skular.

Norconsult har i sin rapport vurdert kapasitet og tal rom både på teorirom og spesialiserte læringsareal/verkstader. Det er ikkje nasjonale arealkrav for vidaregåande skular. FEF<sup>1</sup> arealmodell er rettleiande, utan å vere bindande.

I IS-2073 *Miljø og helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler* utgitt 03/2014 er størrelsen på inneareala til grunnskular og vidaregåande skular presisert:

Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Så lenge innklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

Frå Norconsult sin rapport har fylkesdirektøren henta inn arealkrav for nye skulebygg og kva arealnormer vurderingar av teorirom bygger på:

For vidaregåande opplæring planlegges gjerne nye skoler med teorirom på 70 – 75 m<sup>2</sup> for grupper på 30 elevar og 40-45 m<sup>2</sup> for grupper på 15 elevar. Regner man inn 4 m<sup>2</sup> til lærer i disse tallene gir det 2,4-2,7 m<sup>2</sup>/elev for grupper på 15 elevar, og 2,2-2,4 m<sup>2</sup>/elev for grupper på 30 elevar. Størrelsene på rommet påvirker arealbehovet pr. elev. I et lite rom går forholdsmessig mer areal «bort» i trafikkareal og tavleområde enn i et større rom.

I vurderingen av kapasitet i teorirom er det valgt å vise kapasitet ved 2,25 m<sup>2</sup>/elev, 2,4 m<sup>2</sup>/elev og 2,5 m<sup>2</sup>/elev, for å synleggjøre hvordan kapasiteten endres ved økt arealnorm.

---

<sup>1</sup> Fylkeskommunalt eigeomsforum

- 2,25 m<sup>2</sup>/elev (+4 m<sup>2</sup> til lærer) vurderes som et minimum. Det bør da være godt med støtteareal/avlastningsareal i nærheten.
- 2,4 m<sup>2</sup>/elev (+4 m<sup>2</sup> til lærer) gir tilstrekkelig plass pr elev, dersom det kun er noe støtteareal/avlastningsareal i nærheten.
- 2,5 m<sup>2</sup>/elev (+4 m<sup>2</sup> til lærer) gir gode muligheter for fleksibel bruk av rommet, og bør være norm dersom det ikke er tilgjengelig avlastningsareal i nærheten.

For spesialiserte læringsareal/verkstader er FEF-modellen si arealnorm lagt til grunn. For dei ulike utdanningsprogramma er det det lagt til grunn at elevane skal opphalde seg i spesialiserte læringsareal/verkstader litt ulikt: Bygg- og anleggsteknikk 40 % av tida, teknologi og industrifag 55 % av tida og for andre yrkesfag, 50 % av tida.

Norconsult har vore på skulane og vurdert areala på grunnlag av ovannemnde føresetnader. Dei har formidla vurderingane til skulane undervegs og ved avslutning av arbeidet. Det låg ikkje i bestillinga til Norconsult å vurdere om plasstal mellom 12 og 15 var aktuelt.

Konklusjonen frå Norconsult er at arealsituasjonen for alle dei vurderte utdanningsprogramma ved Sogndal, Flora og Eid vidaregåande skular er tilstrekkeleg til å auke elevtalet frå 12 til 15 elevar i klassane. For nokre tilbod vil det krevje god organisering og effektiv utnytting av verkstadareala, men vurderinga er likevel at elevtalet kan aukast frå 12 til 15 elevar.

Dette gjeld utdanningsprogramma:

- Sogndal vgs: bygg- og anleggsteknikk, elektro og datateknologi og teknologi og industrifag
- Flora vgs: bygg- og anleggsteknikk, elektro og datateknologi og teknologi og industrifag
- Eid vgs: elektro og datateknologi og teknologi og industrifag

Ved Måløy vgs er Norconsult si vurdering at utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk, naturbruk og restaurant- og matfag ikkje kan utvide plasstalet i klassane frå 12 til 15. For teknologi og industrifag er vurderinga at det er tilstrekkeleg areal til å auke frå plasstalet frå 12 til 15.

Auke frå 12 til 15 plassar		
Skule	vg1	vg2
Sogndal vgs	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrrar
		Betong og mur
	Elektro og datateknologi	Elenergi og ekom
		Datateknologi og elektronikk
		Dataelektronikarfaget
	Teknologi og industrifag	Køyretøy
Transport og logistikk		
Flora vgs	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrrar
		Røyr
	Elektro og datateknologi	Elenergi og ekom
Teknologi og industrifag	Industriteknologi	
Måløy vgs	Teknologi og industrifag	Maritime fag
		Køyretøy
Eid vgs	Elektro og datateknologi	Elenergi og ekom
		Datateknologi og elektronikk
		Dataelektronikarfaget
		Automatisering
		Automatiseringsfaget
	Teknologi og industrifag	Industriteknologi

Tabell 8: utdanningsprogram og programområde der det er lagt inn 15 plassar per klasse.

Auken i samsvar med Norconsult sine vurderingar gir fylkeskommunen i overkant av 70 fleire plassar enn før prosessen med utviding av plasstalet blei starta. Gjennom samtalanene med skulane, som nemnt over, blei plasstalet auka med 35 plassar i opplæringstilbodet som blei lyst ut for 2019/20.

Konsekvensane av konklusjonane frå Norconsult er ein ytterlegare auke på om lag 35 plassar. Sidan plasstalsauken er fordelt på fire skular og fleire utdanningsprogram, gir det ikkje grunnlag for reduksjon i klassetal.

Fylkesdirektøren sluttar seg til Norconsult sine tilrådingar, og tilrår auke i plasstala i samsvar med tilrådingane i rapporten. Som i alle andre opplærings situasjonar må skulane gjere kontinuerlege vurderingar for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø for alle. Denne vurderinga må gjerast gjennom det lokale helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS) ved eininga.

## 8. Prosess rundt utarbeiding av opplæringstilbodet

I sak om opplæringstilbod for 2020/21 vedtok hovudutvalet følgande i [nytt punkt 5](#):

Hovudutval for opplæring og kompetanse er opptatt av at det skal sikres gode prosesser i forkant av arbeidet med dimensjonering av opplæringstilbodet i Vestland. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektør utarbeide rutiner og retningslinjer som sikrar brei involvering av dei tilsette i skulane, tillitsvalgte og rektorane. Fylkesdirektør skal syte for at innspela fra skulane blir lagt fram for utvalet i tilknytning til saka og at det blir gjort tydeleg for sektoren at innspela skal sendes tenesteveg. Dimensjonering på yrkesfag skal også skje i tett samarbeid med y-nemnda, opplæringskontor og næringslivet for å sikre eit tilbod i tråd med næringslivet sine behov og tilgang til læreplasser. Dette må gjerast greie for i saksutgreiinga.

Vidare vedtok hovudutvalet 14.1.2020 plan for prosess for sak om opplæringstilbodet ved dei vidaregåande skulane, sak PS/2/2020. Vedtak i desse to sakene ligg til grunn for utarbeiding av denne saka.

God dialog med sentrale samarbeidsaktørar er viktig for å få eit godt bilete av behova for arbeidskraft i ulike område av fylket og for å drøfte sentrale utfordringar knytt til rekruttering innanfor ulike fagområde. Dette arbeidet omfattar m.a. dialog med opplæringskontor og lærebedrifter, regionale kompetanseforum, regionråd og skulane sine innspel for opplæringstilbod.

På grunnlag av inntekne elevar og eksisterande tilbodsstruktur har rektorane gitt innspel på tilbodet ved eigen skule. Innspela har vore drøfta med dei tillitsvalde lokalt. Fylkesdirektøren har vidare gjennomført møte med opplæringskontora i dei ulike områda i Vestland fylkeskommune. Grunnlaget var inntekne elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram og formidling til læreplassar. Opplæringskontora har med bakgrunn i dette gitt skriftleg tilbakemelding. Innspela frå dei vidaregåande skulane og opplæringskontora ligg som vedlegg til saka. Dei regionale samarbeidsarenaene og bransjekontaktane gjennom Kompetanseforum Vestland blei inviterte til å gi tilbakemeldingar på opplæringstilbodet. Desse ligg i sin heilskap som vedlegg til saka.

Saka har vidare blitt lagt fram for fylkeshovudtillitsvalde i informasjons- og drøftingsmøte i Vestland fylkeskommune.


Sak om opplæringstilbod 2021/22 bygger på tidlegare politiske vedtak knytt til opplæringstilbodet for 2020/21. Desse er:

- Følger av vedtak i hovudutvalet i tilsvarande sak desember 2019.
- Tilbod som blei oppretta eller ikkje sett i gang i samband med justeringssaka våren 2020
- Tilbod som ikkje blei sett i gang etter vedtak i justeringssaka skal vurderast på nytt i sak om opplæringstilbod 2021/22, jf. [vedtak i justeringssaka i OPKO 20.4.2020](#).
- Innføring av ny yrkesfagstruktur på vg1 hausten 2020 får konsekvensar for vg2 2021/22. Lokalisering av nye eller endra vg2-tilbod blei vedtatt i hovudutvalet 20.4.2020

## 9. Kunnskap om regionale kompetansebehov

Fylkeskommunen leier arbeidet med Kompetanseforum Vestland som er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen. I Kompetanseforum Vestland sit leiarane av dei største utdanningsinstitusjonane i Vestland, Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, Fagskolen i Hordaland, fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, NAV og Helse Vest.

I tillegg til Kompetanseforum Vestland er samarbeidsmodellen for regionalt kompetansearbeid i regionen sett saman av kompetanseforum i regionane i fylket og kontaktpunkt for sentrale bransjar:



Figur 1: Kompetanseforum Vestland

Dei regionale samarbeidsarenaene blei inviterte til å gi innspel på kompetansebehov med utgangspunkt i det vidaregåande opplæringstilbodet. Dei regionale arenaene er delt inn i

- Nordfjord
- Sunnfjord
- Sogn
- Nordhordland
- Bergen
- Vest
- Hardanger/Voss
- Sunnhordland

I tillegg blir bransjekontaktar innan følgande sektorar inviterte til å gi innspel:

Marin	Energi	Media	Maritim
Reiseliv	Finans	Bygg og anlegg	Utdanning
Landbruk	Helse		

Alle innspel som har kome til avdeling for innovasjon og næring ligg som vedlegg til saka. Innspela er del av det samla kunnskapsgrunnlaget saman med m.a. innspela frå opplæringskontora og skulane. Saman med dei økonomiske føresetnadene legg dei samla innspela ein stor del av grunnlaget for vurderingane fylkesdirektøren gjer i denne saka

Fylkesdirektøren har som mål å utvikle det samla kunnskapsgrunnlaget over tid. Saman med eit godt kvalitativt grunnlag, kan det samla kunnskapsgrunnlag over tid gi eit godt grunnlag for dimensjonering av den vidaregåande opplæringa og vise i kva grad ein møter samfunnet sitt behov for kompetanse.

## Dialog med opplæringskontor

Fylkesdirektøren inviterte alle opplæringskontor i Vestland fylke til digitale møter 1. og 2. oktober. Tema var ny inntaksmodell og dimensjonering på yrkesfag inneverande skuleår. Opplæringskontora blei inviterte til å gi tilbakemelding på opplæringstilbodet 2021/22. Under følger ei oppsummering av tilbakemeldingane. Desse ligg som heilskap som vedlegg.

### **Austevoll opplæringskontor**

Opplæringskontoret peikar på at marknadssituasjonen i liten grad har påverka inntaket av lærlingar, sjølv om det er meir usikkert på lengre sikt. Dei viser til at i 2021 og truleg 2022 vil usikkerheit i marknaden, økonomi i bedriftene og koronasituasjonen truleg spele inn. Ved lærlinginntaket i 2020 er størsteparten av behovet hos bedriftene dekket.

### **Bilbransjens opplæringskontor Sogn og Fjordane**

I nordfylket er det tre klassar med vg2 køyretøy. Viser til at det årleg er 42 læreplassar som skal fyllast, med 36 elevplassar. Ønskjer at det blir vurdert å auke tal plassar på vg2 køyretøy.

### **Blikenslagmestrenes opplæringskontor**

Viser til at det er stor etterspurnad i nye vg2-løp frå bygg- og anleggsteknikk. Ønsker at vg2 ventilasjon-, membran og takteking blir starta opp frå hausten 2021. Opplæringskontoret viser til at det er mogeleg å starte dette tilbodet utan store investeringar og kostnader.

### **Byggopp/EBAV**

Nær 40 % av lærlingane kjem frå 0+4 og 1+3-løp.

Viser til at betongfaget dei siste åra har hatt ei underdekning og at bedriftene ikkje har nok kvalifiserte søkarar. Ser på delinga av vg2 byggtteknikk som problematisk med tanke på at underdekninga kan bli større.

Meiner at vg2 betong og mur bør vere lokalisert til fleire stader enn tilfellet er, jf. politisk sak PS 16/2020, handsama i OPKO 20.4.2020. Vidare skriv dei at for å sikre framtidig rekruttering bør vg1 bygg- og anleggsteknikk bli tilbydd i så store delar av fylket som mogeleg.

Byggopp/EBAV viser vidare til at det bør bli oppretta kombinasjonstilbod innan rør og ventilasjon, membran og takteking i nordfylket.

I vedlegget ligg også Byggopp/EBAV si tilråding til dimensjonering og lokalisering.

### **Handalag opplæringskontor**

Viser til søknad frå Kvam vgs om å få oppretta vg2 transport og logistikk, og støttar denne søknaden. Viser til at det er positiv interesse frå bedrifter til å ta i mot lærlingar i dei aktuelle lærefaga. Viser til at det er sterkt ønskeleg for lokalsamfunnet med fleire vg2-tilbod for å unngå at elevar reiser bort på vg2.

### **Maritimt opplæringskontor Sør/Vest Norge**

Viser til at opplæringskontoret ved hovudinntaket mangla 50 søkarar til lærlingplassar i matrosfaget og motormannfaget. Prognostiserer at det i dei komande åra vil vere stort behov for lærlingar.

### **Nelfo Sogn og Fjordane**

Viser til stort behov for arbeidskraft i nordfylket, noko som gjer at lærebedriftene tek inn relativt mange lærlingar sett opp mot landet generelt. Dei vil ha behov for same talet lærlingar i åra framover, men tilrår ikkje ein auke då det ikkje er forsvarleg ut i frå kvaliteten på opplæringa i kvar enkelt bedrift.

Meiner at dimensjonering på vg1, vg2 elenergi og ekom, automatisering vg2 og vg3, data og elektronikk vg2 og vg3 må haldast som i inneverande skuleår.

### **OKEL Bergen og omegn**

Mange søkarar til lærefag elektrikar og telekommunikasjonsmontør står utan læreplassar. Viser til at lærebedriftene tek inn det omfanget ein kan forvente, og at det er behov for ein reduksjon i tal klassar på vg2 elenergi.

### **Opplæringskontor for tilrettelagt fagopplæring**

Viser til mellom anna ny inntaksmodell og rutinar for inntak av 1.februar-søkarar. Innspela ligg som vedlegg til saka.

### **Opplæringskontoret for Anleggs- og Bergfagene**

Opplæringskontoret meiner det er behov for ein ekstra klasse vg2 anleggsteknikk i nordfylket. Dei viser til stor oversøking til programområdet og at alle som kvalifiserer seg til læreplass får tilbod.

### **Opplæringskontoret for Hardanger**

Kommenterer dimensjonering rundt Odda vgs. Opplæringskontoret ønsker ei vidareføring av eksisterande tilbodsstruktur ved skulen.

### **Opplæringskontoret for Nordhordland**

Viser til stor etterspurnad for fagarbeidarar i Nordhordland, ein stor region med eit spreitt næringsliv, der bedriftene i dei mest rurale områda slit mest med å få tak i lærlingar. Opplæringskontoret ønsker at opplæringstilbodet blir opprettheldt, og viser til aktive læreplassar.

Opplæringskontoret ønsker at tilbod innan elektrofag, naturbruk og anleggsteknikk ved Austrheim vgs blir oppretta.

### **Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane**

Opplæringskontoret viser til at det er god tilgang på lærlingar frå helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget i nordfylket, og at det ikkje er behov for å auke opp tilbodet.

### **PRO Vestland opplæringskontor**

Viser til viktigheita av samsvar i dimensjonering på vg1 teknologi- og industrifag opp mot vg2. Ønsker å auke tal vg1-klassar sidan vifta på vg2 er brei, og nemner m.a. vg2 kjemiprosess og laboratoriefag i nordfylket. Peiker på eit behov for tilbod innan industriteknologi i Sogn.

Når det gjeld dimensjonering på utdanningsprogrammet sal, service og reiseliv, peiker opplæringskontoret på eit aukande behov i salsfaget. Dei ønsker å oppretthalde dimensjoneringa på utdanningsprogrammet.

### **Ytre Sunnhordland opplæringskontor**


Viser til stort behov for fagarbeidarar i framtida og at lokale verksemder slit med å få nok kvalifiserte søkarar. Opplæringskontoret peiker særleg på at det er behov for fleire lærlingar innan teknologi- og industrifag.



## Søkarar til læreplass som fekk godkjent lærekontrakt i 2019

Statistikken under er henta frå Utdanningsdirektoratet og viser kor mange søkarar til læreplass som fekk seg lærekontrakt frå 1. januar 2019 til 31. desember 2019. Tala viser søkarar med ungdomsrett. For at ein lærekontrakt skal vere inkludert i statistikken må den ha starta og blitt godkjent av fylkeskommunen i løpet av kalenderåret 2019. Statistikken er ikkje ei fullteljing av tal nye kontraktar, då kontraktar som t.d. blir starta i desember, men først blir godkjent i januar året etter ikkje vil kome med i statistikken.

Berre søkarar med læreplass som førsteønske er med i statistikken. I tillegg er dei som har skaffa seg læreplass på eigenhand, og dei som har søkt skuleplass, men likevel fått læreplass lagt inn som søkarar i teljinga.



Figur 2: Søkarar til læreplass og tal kontraktar, 2019. Tal henta frå [Udir](#).

Utdanningsprogram	Prosentdel søkarar som fekk lærekontrakt
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	86 %
Design og handverk (DH)	84 %
Elektrofag (EL)	80 %
Helse- og oppvekstfag (HO)	82 %
Naturbruk (NA)	85 %
Restaurant- og matfag (RM)	91 %
Sal og service (SS)	78 %
Teknikk- og industriell produksjon (TP)	85 %

Tabell 9: prosentdel søkarar som fekk lærekontrakt 2019.

Tala er for Vestland fylke samla, og ikkje brote ned på områdenivå eller programområde. Tala viser likevel at for 2019 er det samla sett inngått 440 færre kontraktar enn det var søkarar til læreplass og at det er skriva færre kontraktar enn det er søkarar i kvart utdanningsprogram. Totalt sett ligg prosentdel søkarar som fekk lærekontrakt frå 78 % (sal og service) til 91 % (restaurant- og matfag).

Tala skjuler truleg regionale forskjellar. Det vil seie at behovet for arbeidskraft er større i enkeltområde og at det kan vere anten samsvar mellom søkarar og tal kontraktar skrivne eller for få søkarar til behovet. Sett på overordna tal og mogelege feilkjelder gjennom regionale forskjellar, kan tala tolkast på ulike måtar.

- Samla sett er det for mange primær søkerar med ungdomsrett til læreplass frå kvart utdanningsprogram som ikkje får lærekontrakt
- Lærebedrifter bør i større grad vurdere kandidatar busette utanfor eige nærrområde. På same måte bør søkerar vurdere lærebedrifter utanfor eige område. Mobilitet er altså ein viktig faktor i å utjamne avvik
- Dialog med opplæringskontor og lærebedrifter må fortsetje og vidareutviklast for å avstemme behov og forventningar
- Intensjonsavtalar om læreplass og forplikting til desse må vidareutviklast som grunnlag for dimensjonering
- I område kor det over tid er større avvik mellom tal søkerar og tilgjengelege læreplassar er det behov for å gjere tydelegare justeringar i tilbodsstruktur og dimensjonering.

Intensjonsavtalar er eitt av verkemidla som blir brukt for å få oversikt over lærebedriftene sitt forventa behov for lærlingar. Desse avtalane gir ein peikepinn og er ikkje formelt sett bindande. Avtalane slik dei er formulerte i dag kan også ei oversikt over det samla talet lærlingar ei bedrift eller eit opplæringskontor melder om behov for, og ikkje nødvendigvis nye kontraktar det enkelte år. Avtalane gir derfor ikkje eit reelt bilete på tal tilgjengelege læreplassar eller tal nye kontraktar som ein kan forvente blir teikna.

Koronasituasjonen gjer at det framleis er permitterte lærlingar, bransjar har redusert eller justert oppdragsmengd og treng såleis ulik grad av arbeidskraft. Det er derfor krevjande å gi eit meir føreseieleg bilete per no om arbeidskraftsbehov og korleis koronasituasjonen kan påverke formidlingsarbeidet.

Per i dag har ikkje fylkeskommunen eit automatisert system som legg til rette for ein god flyt i oppdatering av intensjonsavtalar. Dette er manuelt arbeid, då bedriftene/opplæringskontor per i dag ikkje har mogelegheit til sjølve registrere desse i vigo bedrift.

## 10. Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar i opplæringstilbodet

### 10.1. Yrkesfaglege utdanningsprogram

Frå og med hausten 2020 blei nye yrkesfaglege utdanningsprogram og læreplanar innført. Først på vg1, deretter vg2 frå hausten 2021. Informasjon om fagfornyinga finn ein på [Utdanningsdirektoratet](#) sine sider.

Som følgje av ny nasjonal yrkesfagstruktur fekk følgande utdanningsprogram endringar på vg1 og vg2:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Sal- service og reiseliv
- Informasjonsteknologi og medieproduksjon
- Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign
- Handverk, design og produktutvikling

Vedtak i sak om «[Lokalisering av programområde på vg2 og nye/endra utdanningsprogram frå 2021/22- PS 16/2020](#)) er følgt opp i saka, og berre der det er innspel til eller framlegg om endringar i kapasiteten er det omtala i saka.

Endringar i yrkesfag som følgje av ny struktur er ikkje kommentert som endring, der det er direkte overgang mellom gammalt og nytt utdanningsprogram/programområde. Der fylkesdirektøren gjer framlegg om endring av kapasiteten blir det omtalt.

#### 10.1.1. Bygg- og anleggsteknikk (BA)

For dette utdanningsprogrammet betyr vedtaket slik lokalisering:

Skule	Anleggsteknikk	Tømrar	Betong og mur	Røyr	Ventilasjon, membran og takteking	Anleggsgartnar og idr.anl.fag
Arna		x				
Askøy		x				
Austrheim		x				
Flora		x		x b	b	
Knarvik		x				
Kvinnherad		x				
Laksevåg		x				
Mo og Øyrane	x	x a	a			
Måløy		x				
Odda		x				
Os vgs	x	x				
Slåtthaug		x	x			
Sogndal	x	x a	a	x b	b	
Sotra		x	x			
Stend						x
Stord		x				
Stryn		x				
Voss vgs		x	x			
Åsane		x	x	x	x	

Tabell 10: Lokalisering vg2 bygg- og anleggsteknikk

X i tabellen viser til ein eller fleire klassar. A viser lokalisering av kombinasjonen av vg2 tømrar og vg2 betong og mur, medan b viser lokalisering av kombinasjonen vg2 røyr og vg2 ventilasjon, membran og takteking.

## Nærskuleområde 1 – Sunnhordland

### Stord vgs:

Skulen har i tilbudsstrukturen ein klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk, men i dialog med fylkesdirektøren er plasstalet utvida til 24 elevar skuleåret 2020/21. Tidlegare år har skulen hatt to til tre klassar, og arbeidslivet etterspør kompetanse. Byggopp/EBA spelar inn behov for å vidareføre dagens tilbod i tillegg til kombinasjonsløyising mellom betong/mur og tømrrar.

Fylkesdirektøren har vurdert alternative løysingar, og tilrår å auke frå 1 til 2 klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk, der det i den eine klassen blir tatt inn vaksne til ein halv klasse. Ein slik kombinasjonsklasse vil vere god ressursutnytting og møte arbeidslivet sitt behov. Ein kombinasjonsklasse har delt finansiering over ordinært opplæringstilbod og vaksenopplæringstilbod.

Fylkesdirektøren finn ikkje at det er økonomisk handlingsrom å opprette halve klassar med vg2 betong/mur og vg2 tømrrar for skuleåret 2021/22. Alternativt kan det innan vg2 tømrrar setjast av nokre plassar for elevar som ønskjer vg2 betong og mur. Føresetnaden her er at elevane i sin heilskap vil få opplæring i programfaga i bedrift og at det ikkje gir auka kostnader til deling av programfagstimar. Fylkesdirektøren oppmodar skulen og lokalt arbeidsliv til å drøfte alternativ og om ein 1+3 modell kan dekke kompetansebehovet. Om dette er alternativ kan det vurderast fram mot inntak i mars.

## Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

### Arna vgs:

Etter administrativ fullmakt auka fylkesdirektøren tilbodet med ein ekstra klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk med grunnlag i førsteinntaket. Fylkesdirektøren tilrår å redusere frå to til ein klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk av økonomiske årsaker og dei salderingskrav som ligg til sektoren.

Ettersom skulen inneverande år har to klassar vg1, må tilbodet på vg2 justerast opp med ein klasse vg2 tømrrar for skuleåret 2021/22.

### Stend vgs:

Vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsfag får i ny struktur nytt namn vg2 anleggsgartnar og blir flytta frå utdanningsprogrammet naturbruk til bygg- og anleggsteknikk. Fylkesdirektøren rår til at tilbodet ved skulen blir vidareført under nytt utdanningsprogram. Vg2 anleggsgartnar har kryssløp frå vg1 naturbruk.

### Åsane vgs:

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 20.4.2020 at vg2 ventilasjon, membran og takteking skal lokaliserast til Åsane vgs.

Tabellen under viser tal lærekontraktar for Vestland fylke i perioden 2016-2019, og er sortert på avgang etter vg2 - med og utan ungdomsrett, i tillegg til samla tal kontraktar, som også inkluderer full opplæring i bedrift etter grunnskule og vg1.

#### Inngåtte lærekontraktar etter vg2 klima, energi og miljøteknikk - med ungdomsrett

		2016	2017	2018	2019
BATAK3-	tak- og membrantekkerfaget	0	1	0	2
BAVBL3-	ventilasjon og blikkenslagerfaget	4	1	5	1

Tabell 11: inngåtte lærekontraktar etter vg2 m/ungdomsrett

#### Inngåtte lærekontraktar etter vg2 klima, energi og miljøteknikk - utan ungdomsrett

		2016	2017	2018	2019
BAVBL3-	ventilasjon og blikkenslagerfaget	3	6	6	1

Tabell 12: inngåtte lærekontraktar etter vg2 u/ungdomsrett

Samla tal inngåtte kontraktar i dei to lærefaga. Full opplæring i bedrift etter grunnskulen(0+4) og full opplæring i bedrift etter vg1(1+3) utgjør største delen av differansen i forhold til summen av tabell 1 og 2.

	2016	2017	2018	2019
tak- og membrantekkerfaget og ventilasjon og blikkenslagerfaget	28	34	22	35

Tabell 13: inngåtte lærekontraktar etter vg2, inkl. full opplæring i bedrift

Tabellane viser at det i dei to tidlegare fylkeskommunane frå 2016-2019 er 11 elevar med ungdomsrett frå vg2 klima-, energi- og miljøteknikk som har skrive kontrakt innanfor lærefag som frå hausten 2021 vil leie ut i frå vg2 ventilasjon, membran og takteking. Siste tabell viser at det var skrive 35 kontraktar i 2019, der majoriteten var i anten 0+4 eller 1+3-modell, som utgjer om lag alle kontraktane totalt sett. Blikkenslagmestrenes opplæringskontor viser til at etterspørselen etter lærlingar er stor. Det er per no ikkje råd å seie noko sikkert om årsaka til at størsteparten av kontraktane er skrivne som 1+3 eller 0+4. Dette kan skuldast manglande interesse for faga og rekrutteringsutfordringar hos elevane i vg2 eller tilbudsstrukturen på vg2 bygg- og anleggsteknikk.

Fylkesdirektøren må likevel gjere ei avveging om det er eit realistisk grunnlag for å opprette ein klasse vg2 ventilasjon, membran og takteking i ny struktur på yrkesfag. Grunna dei salderingskrav som ligg til sektoren og kostnaden som fører med seg å opprette ein ekstra klasse, tilrår fylkesdirektøren at det ikkje blir oppretta vg2 ventilasjon, membran og takteking på Åsane vgs skuleåret 2021/22.

#### **Nærskuleområde 4 – Nordhordland**

##### **Austrheim vgs:**

Skulen og opplæringskontor speler inn behov for vg2 anleggsteknikk, m.a. basert på at vg2 byggtknikk blir delt, og at det kan vere vanskeleg å rekruttere til vg2 tømrrar. Dette vil medføre to halve klassar på vg2 bygg- og anleggsteknikk. Tilbodet på vg2 anleggsteknikk medfører høge investeringskostnader, noko skulen også peiker på. Skulen skriv at dei har vore i dialog med verksemdar om at elevane får store delar av programfagsopplæring ute i bedrift. Fylkesdirektøren er positiv til eit slikt samarbeid med arbeidslivet, men meiner at for at eit slikt samarbeid skal vere føreseieleg må tydelege avtalar ligge til grunn for t.d. omfang, tal elevar og tidsperspektiv. Eit slikt opplæringstilbod er ikkje risikovurdert med tanke på konsekvensar om eit samarbeid skulle bli avbrote eller ikkje kome i gang tidnok. Fylkeskommunen vil ha ansvar for å gi opplæringa om tilbodet blir sett i gang, og det er derfor naudsynt at avtalar om at all opplæring i programfaga kan gå føre seg i bedrift er klare før eit tilbod kan lysast ut. Fylkesdirektøren tilrår ikkje at vg2 anleggsteknikk blir lyst ut skuleåret 2021/22.

##### **Knarvik vgs:**

Hovudutvalet vedtok 20.4.2020 at Knarvik vgs skal tilby vg2 tømrrar frå hausten 2021.

Skulen melder at dei ønsker ein klasse vg2 tømrrar og ein klasse vg2 betong og mur. Opplæringskontoret for Nordhordland tilrår også eit slikt tilbod. Dei viser til at det er seks læreplassar innan betongfaget og 25 læreplassar innan tømrrar.

Sett i lys av at Åsane vgs skal tilby vg2 betong og mur, meiner fylkesdirektøren at dimensjoneringa av betong og mur i nordre delar av Bergen er tilstrekkeleg for å serve eit behov også i Nordhordland. Viser det seg at søkinga til det nye programområdet er stor må fylkesdirektøren gjere vurderingar i justeringssaka våren 2021.

#### **Nærskuleområde 7 – Sunnfjord og Sogn**

##### **Flora vgs:**

Fylkesdirektøren rår til at vg1 bygg- og anleggsteknikk blir lyst ut med 2 klassar.

#### **Nærskuleområde 8 – Nordfjord**

##### **Stryn vgs:**

Skulen hadde tidlegare eit forsøk med vekslingsmodell i bygg- og anleggsteknikk, og fekk utvida tal elevar til 1,5 klasse på vg1 for å ha tilstrekkeleg tal elevar i forsøket. Forsøksperioden er over og fylkesdirektøren gjer framlegg om å redusere kapasiteten med 0,5 klasser.

Skulen har vg2 tømrrar, og det meldte behovet for mur og betong i næringslivet er i storleik ein til tre elevar per år. Som omtala i PS-sak 2020/16 la fylkesdirektøren fram forslag om at vg2 betong og mur bli lyst ut med nokre plassar innafor ramma av vg2 tømrrar. Med så få elevar vil skulen kunne gje opplæring til desse elevane i samarbeid med bransjen.

## Nærskuleområde 6 – HAFS (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund)

### Dale vgs

Dale vgs er den einaste skulen i nærskuleområde 6. Skulen har tilbod om vg1 teknologi- og industrifag og vg2 industriteknologi, men sidan skulebruksplan 2014-2024 blei innført, har skulen ikkje hatt tilbod om bygg- og anleggsteknikk. Det lokale arbeids- og næringslivet har i alle år spelt inn behovet for byggfag for å sikre rekruttering til arbeidsplassar i området. Skulen og fylkesdirektøren har gjort forsøk på å få til samarbeid mellom Mo og Øyrane vgs (Førde) og Dale vgs, utan å få eit slikt samarbeidsprosjekt i gang.

Både Opplæringskontoret for bygg og anleggsteknikk (Byggopp) og skulen har i sine innspel vore tydelege på behov for å gjere om ein av klassane i teknologi- og industrifag til kombinasjonsklasse av bygg- og anleggsteknikk og teknologi- og industrifag. Opplæringskontoret gir læreplassgaranti.

Fylkesdirektøren ser dei utfordringane rekrutteringsvanskane skapar, og behovet er godt synleggjort. Fylkesdirektøren ser likevel ikkje at det er økonomisk handlingsrom å opprette ein halv klasse bygg- og anleggsteknikk, med det innsparingskravet som ligg til sektoren.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Bygg- og anleggsteknikk (BA)						
Nærskuleområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
1	Stord vgs	1	bygg- og anleggsteknikk	1	0,5	1,5
3	Arna vgs	1	bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
3	Arna vgs	2	tømrar	1	1	2
7	Flora vgs	1	bygg- og anleggsteknikk	1	1	2
8	Stryn vgs	2	betong og mur	Blir lyst ut med 3 plassar, klasseressursen er vg2 tømrar		

Tabell 14: BA

## 10.1.2. Elektro og datateknologi (EL)

### Nærskuleområde 2 – Sunnhordland

#### Kvinnherad vgs

Skulen har i år to klassar vg1 elektrofag og ingen klassar på vg2 nivå. Elevgrunnlaget på vg1 tilseier at det er grunnlag for vg2 elenergi og ekom neste skuleår. Det er per i dag ikkje kapasitet til å ha to klassar på vg1 og ein klasse på vg2. Fylkesdirektøren tilrår difor til å lyse ut ein klasse vg1 elektro og datateknologi og ein klasse vg2 elenergi og ekom. Dette er i tråd med innspel frå skulen.

### Nærskuleområde 2 – Hardanger og Voss

#### Kvam vgs:

Skulen har inneverande år ein halv klasse vg1 elektrofag, med sju inntekne elevar. Det er krevjande å rekruttere elevar til ein heil klasse, og når skulen ikkje har fleire halve klassar på vg1 blir det ikkje mogeleg å samle fellesfagopplæringa med andre klassar, noko som er kostnadsdrivande. Det er ei krevjande øving å vurdere små tilbod på skular i distriktet, men fylkesdirektøren må balansere tal klassar mot salderingsbehov. Med den økonomiske situasjonen fylkeskommunen står i, tilrår fylkesdirektøren at vg1 elektro og datateknologi ikkje blir lyst ut for skuleåret 2021/22.

### Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

#### Askøy vgs:

Askøy vgs ønsker å få vg2 datateknologi og elektronikk lyst ut for skuleåret 2021/22. Dei argumenterer med at det er for få læreplassar innan elektro, og at det er ønskeleg at fleire elevar vel

alternative val enn vg2 elenergi og ekom. Askøy vgs er programmert for dette tilbudet når skulen er ferdig utbygd/rehabilitert.

Dette tilbudet har vore prøvd fleire år, seinast hausten 2019. Tilbodet har ikkje vore sett i gang pga. for få søkarar. Fylkesdirektøren legg dei økonomiske rammene til grunn og rår ikkje til at vg2 datateknologi og ekom blir lyst ut ved Askøy vgs skuleåret 2021/22.

#### **Slåtthaug vgs:**

I justeringssaka våren 2020 blei det oppretta ein ekstra klasse vg1 elektrofag ved Slåtthaug vgs. Fylkesdirektøren tilrår å justere denne ned igjen, slik at skulen har to klassar på vg1. Dimensjoneringa er i tråd med innspel frå bransjen.

Det blir lyst ut ein klasse vg3 automatisering ettersom skulen har ein klasse vg2 automatisering inneverande år.

#### **Årstad vgs:**

Skulen har to klassar vg1elektro og datateknologi, ein klasse vg2 data og elektronikk, tre klassar vg2 elenergi og ein klasse vg3 dataelektronikar inneverande skuleår. På bakgrunn av særskild krevjande formidlingsarbeid til elektrikarfaget våren 2020 og tilbakemeldingar frå bransjen om behov for nedjustering, tilrår fylkesdirektøren å redusere vg2 elenergi frå tre til to klassar.

#### **Åsane vgs:**

Skulen er dimensjonert og programmert for ein klasse vg2 data og elektronikk. Denne var lyst ut for 2020/21, men søkargrunnlaget var for lågt til at den blei sett i gang. Skulen ønskjer at denne skal forsøkast på nytt, og skriv mellom anna at det vil krevje relativt betydelege investeringar på utstyrssida. På bakgrunn av at klassen ikkje fekk nok søkarar til 2020/21 og investeringsbehov, tilrår ikkje fylkesdirektøren at klassen blir lyst ut.

### **Nærskuleområde 4 – Nordhordland**

#### **Austrheim vgs:**

Opplæringskontoret for Nordhordland spelar inn behov for å opprette ein klasse vg1 elektro og datateknologi og viser til 20 lærlingplassar innanfor elektrikarfaget. Skulen har ikkje elektrofag, og tilbudet bør sjåast i samanheng med Knarvik vgs som tilbyr både vg1 og vg2 elenergi og ekom. Fylkesdirektøren tilrår å ikkje opprette vg1-tilbodet på Austrheim vgs. Når ein ser på tal søkarar utan læreplass i dette faget, vil ikkje fylkesdirektøren ikkje tilrå auka kapasitet.

### **Nærskuleområde 5 – Nordfjord**

#### **Eid vgs:**

Skulen har tre klassar vg1 inneverande år, 12 plassar i kvar klasse. Vg1 elektro og datateknologi inngår i dei tilboda der Norconsult vurderer at det er areal til å ha 15 i kvar klasse. Med innsparingskravet som ligg til sektoren tilrår fylkesdirektøren at det blir redusert med ein klasse. Det vil gje 30 elevplassar mot 36 i dag.

Vg2 automasjon er tilbod ved to skular i nordfylket, Eid vgs og Årdal vgs. Rekrutteringsgrunnlaget til Eid vgs er såleis større enn eigne vg1 elevar. Opplæringskontoret har spelt inn at det samla i Vestland er for stor kapasitet i utdanningsprogrammet, og reduksjon på vg1 nivå er grunnlaget for betre tilpassing til læreplassstilgangen.



Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Elektro og datateknologi (EL)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
1	Kvinnherad vgs	1	elektro og datateknologi	2	-1	1
1	Kvinnherad vgs	2	elenergi og ekom	0	1	1
2	Kvam vgs	1	elektro og datateknologi	0,5	-0,5	0
3	Slåtthaug vgs	1	elektro og datateknologi	3	-1	2
3	Slåtthaug vgs	3	automatisering	0	1	1
3	Årstad vgs	2	elenergi og ekom	3	-1	2
8	Eid vgs	1	elektro og datateknologi	3	-1	2

Tabell 15: EL

### 10.1.3. Frisør-, blomster- interiør og eksponeringsdesign (FD)

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 20.4.2020 (sak PS 16/2020) at tilbud og lokalisering av vg2 skal vere som følgjer:

Skule	Frisør	Blomsterdekoratør	Interiør- og utstillingsdesign
Eid	x		x
Fitjar			x
Voss gymnas	x		
Årstad	x	x	x

Tabell 16: lokalisering FD

#### Nærskuleområde 1 – Sunnhordland

##### Fitjar vgs:

Skuleåret 2020/21 blei det tatt inn 10 elevar til 15 plassar ved tilbodet, som gir ei oppfylling på om lag 67 %. Det er grunn til å vurdere oppfyllingsgrad av dette tilbodet med skjønn, gitt at det er einaste tilbodet i regionen. Samtidig må fylkesdirektøren vurdere enkelttilbod i lys av økonomisk situasjon og salderingsbehov, og tilrår derfor at vg1 blir lagt ned frå og med skuleåret 2021/22.

Vg2 interiør og utstillingsdesign blir oppretta på bakgrunn av vg1 skuleåret 2020/21, jf. tabell 16.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign (FD)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
1	Fitjar vgs	1	frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	1	-1	0

Tabell 17: FD

## 10.1.4. Handverk, design og produktutvikling (DT)

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 20.4.2020 (sak PS 16/2020) at tilbod og lokalisering av vg2 skal vere som følgjer:

Skule	Søm og tekstilhandverk	Smed	1+3-løp*
Eid			x
Knarvik	x		
Odda vgs		x	
Årstad	x		

Tabell 18: lokalisering DT

\* Ved Eid vgs er det eit 1+3-løp retta mot møbelsnekkar.

### Nærskuleområde 4 – Nordhordland

#### Knarvik vgs:

På bakgrunn av salderingskrav som ligg til sektoren, tilrår fylkesdirektøren at vg1 handverk, design og produktutvikling ikkje blir lyst ut. Det er også mangel på læreplassar innan utdanningsprogrammet som gjer at tilbodet i stor grad rekrutterer til vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Elevane vil få nærskulepoeng til andre skular ved søking til utdanningsprogrammet. Næraste skule med tilbodet vil vere Årstad vgs.

Vg2 søm og tekstilhandverk blir oppretta på bakgrunn av vg1 skuleåret 2020/21.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskule-region	Handverk, design og produktutvikling (DT)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
4	Knarvik vgs	1	handverk, design og produktutvikling	1	-1	0

Tabell 19: DT

## 10.1.5. Helse- og oppvekstfag (HO)

Helse- og oppvekstfag er det største yrkesfaglege utdanningsprogrammet målt i elevtal. Tal for skuleåret 2019/20 viser at etter vg2 gikk om lag 53 % av elevane over til vg3 påbygging til generell studiekompetanse, og berre om lag 19 prosent gikk ut i lære. Utdanningsprogrammet er tilbydd breitt, og ei overvekt av jenter vel dette. Utdanningsprogrammet spelar såleis ei viktig rolle for fylkeskommunen i å ha eit likeverdig tilbod, samtidig som det er utfordrande at såpass låg prosentdel går ut i lære. Hausten 2020 blei det oppretta fleire klassar vg3 i skule då mange søkarar til læreplass stod utan tilbod. Dette har ikkje vore ei like stor utfordring tidlegare, og kan ha samanheng med koronasituasjonen. Det er likevel naudsynt å følgje denne utviklinga vidare då fylkeskommunen ikkje ønsker å ha ei dimensjonering som fører til at elevar ikkje får læreplass.

### Nærskuleområde 1 – Sunnhordland

#### Fitjar vgs:

Skulen ønskjer å utvide tilbodet med ein klasse vg2 helsearbeidarfag. På bakgrunn av 12 ledige plassar blei det lagt ned ein klasse i justeringssaka i vår. Fylkesdirektøren tilrår ikkje å utvide tilbodet no.

#### Kvinnherad vgs:

Skulen har inneverande år to klassar vg1 og to halve klassar på vg2 helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag. Det er såleis grunnlag for å auke opp desse to halve klassane. Fylkesdirektøren tilrår å lyse ut ein klasse vg2 helsearbeidarfag og ein klasse barne- og ungdomsarbeidarfag.

## Nærskuleområde 2 – Hardanger og Voss

### Kvam vgs:

Skulen har inneverande år ein klasse vg1 helse- og oppvekstfag og ein halv klasse vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Vg2 helsearbeidarfag blei lyst ut i fjor, men ikkje sett i gang etter vedtak i justeringssaka våren 2020. For at skulen skal ha tilstrekkeleg kapasitet til elevane frå vg1, tilrår fylkesdirektøren å lyse ut ein halv klasse vg2 helsearbeidarfag for skuleåret 2021/22.

## Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

### Fusa vgs:

Skulen har i dag to halve klassar vg2 barne- og ungdomsarbeidar og vg2 helsearbeidarfag. Skulen ønsker å justere opp vg2 helsearbeidarfag frå ein halv til ein heil klasse. Fylkesdirektøren ser ikkje grunnlag til å justere opp dette tilbodet no.

### Slåtthaug vgs

Skulen har inneverande år fire klassar på vg1 og fem klassar på vg2. Fylkesdirektøren tilrår å justere ned vg2 helsearbeidarfag frå tre til to klassar, slik at tal klassar på vg2 harmoniserer med tal klassar på vg1.

### Årstad vgs:

Skulen har inneverande år to klassar vg2 hudpleie og må opprette ein ekstra klasse vg3 hudpleiar for skuleåret 2021/22. Tilsvarande tilrår fylkesdirektøren å justere ned vg2 til ein klasse, slik at skulen etter kvart får ein klasse på kvart trinn.

## Nærskuleområde 4 – Nordhordland

### Austrheim vgs:

Skulen har i dag ein klasse vg1 helse- og oppvekstfag og ein klasse vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Til skuleåret 2020/21 var det også lyst ut ein klasse vg2 helsearbeidarfag. Denne kom ikkje i gang grunna tilbodet berre hadde tre primærsekarar. Både skulen og Opplæringskontoret for Nordhordland skriv at dei ønsker ein halv klasse på kvart område på vg2. På bakgrunn av søkinga våren 2020, ei restriktiv haldning til oppretting av halve klassar og at det ville gitt ein kostnadsauke, tilrår ikkje fylkesdirektøren at tilbodet på helse- og oppvekstfag blir utvida.

## Nærskuleområde 8 – Nordfjord

### Stryn vgs:

Ved Stryn vgs blei det tatt inn elevar til to klassar på vg1. Fylkesdirektøren gjer framlegg om å auke kapasiteten på vg2 helsearbeidarfag tilpassa vg1 i år, og å ta ned klassetalet til ein klasse på vg1.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskule-område	Helse- og oppvekstfag (HO)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
1	Kvinnherad vgs	2	helsearbeidarfag	0,5	0,5	1
1	Kvinnherad vgs	2	barne- og ungdomsarbeidarfag	0,5	0,5	1
2	Kvam vgs	2	helsearbeidarfag	0	0,5	0,5
3	Slåtthaug vgs	2	helsearbeidarfag	3	-1	2
3	Årstad vgs	2	hudpleie	2	-1	1
3	Årstad vgs	3	hudpleiar	1	1	2
8	Stryn vgs	1	helse- og oppvekstfag	2	-1	1
8	Stryn vgs	2	helsearbeidarfag	1	1	2

Tabell 20: HO

## 10.1.6. Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 20.4.2020 (sak PS 16/2020) at tilbod og lokalisering av vg2 skal vere som følgjer:

Skule	Informasjonsteknologi	Medieproduksjon
Amalie Skram vgs	x	x
Måløy vgs	x	
Stord vgs	x	
Voss gymnas	x	

Tabell 21: lokalisering IKT og medieproduksjon

### Nærskuleområde 1 – Sunnhordland

#### Stord vgs:

Det blei sett i gang to klassar vg1 informasjonsteknologi og medieproduksjon med 18 elevar ved Stord vgs 2020/21. Tilbodet blir redusert og lyst ut med ein klasse skuleåret 2021/22.

Vg2 informasjonsteknologi blir oppretta på bakgrunn av vg1 inneverande skuleår.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskule-region	Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
1	Stord vgs	1	informasjonsteknologi og medieproduksjon	2	-1	1

Tabell 22: IM

## 10.1.7. Naturbruk (NA)

### Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

#### Stend vgs:

Skulen tilbyr seks klassar på vg1 og seks klassar på vg2. I klasseordninga har det vore registrert fem klassar på kvart trinn. Til skuleåret 2021/22 blir talet auka opp i klasseordninga. Endringa er av teknisk karakter og utgjør ikkje noko auka kostnad for fylkeskommunen.

Skulen har i dag eit breitt tilbod på naturbruk, med ulike variantar av vg1 og vg2. Fordeling på dei ulike programområda blir avklart mellom skulen og fylkesdirektøren.

### Nærskuleområde 4 – Nordhordland

#### Austrheim vgs:

Både skulen og opplæringskontor peikar på ønskje om å opprette vg1 naturbruk.

Utdanningsprogrammet vil gi høge investeringskostnader, og skulen peikar på at opplæring i stor grad kan gå føre seg i bedrift. Som tidlegare omtalt under bygg- og anleggsteknikk, er det avgjerande at konkrete og forpliktande avtalar ligg til grunn før fylkesdirektøren kan tilrå utlyst av eit slikt tilbod, for at fylkeskommunen kan vere sikre på at elevane får opplæring etter læreplan og at opplæringa er garantert og føreseieleg over tid. Oppretting av tilbodet vil også gi auka driftskostnader i form av m.a. lærarkrefter. I nærskuleområde Nordhordland er det ein nettoendring i elevtal på -1 skuleåret 2021/22. Samla sett ønskjer skulen å utvide tilbodet utan at det er tatt høgde for ei negativ elevtalsutvikling. Fylkesdirektøren er generelt positiv til eit slikt samarbeid mellom skule og arbeidsliv, men kan ikkje sjå at tilbodet er tilstrekkeleg utgreia til å tilrå oppretting av naturbruk på Austrheim vgs skuleåret 2021/22.

## 10.1.8. Restaurant- og matfag (RM)

### Nærskuleområde 1 – Sunnhordland

#### Fitjar vgs:

Skulen har ein halv klasse vg1 og ein halv klasse vg2 kokk- og servitørfag. Fylkesdirektøren tilrår ikkje endringar i det ordinære opplæringstilbodet her, men ønskjer å sjå tilbod for søkarar med ungdomsrett og vaksenrett i samanheng. Ved å lyse ut ein halv klasse i det ordinære opplæringstilbodet og ein halv klasse for tilbod for vaksne, kan skulen samla sett ha ein heil klasse på vg1 i eit utdanningsprogram som dei siste åra har hatt varierende søking. Det vil gi tilbodet føreseielegheit og styrke rekrutteringa til vg2. Ein kombinasjonsklasse vil ikkje medføre ein kostnadsauke gjennom sak om opplæringstilbod då finansieringa blir delt mellom det ordinære tilbodet og vaksenopplæringstilbodet.

### Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

#### Sandsli vgs:

I justeringssaka våren 2020 blei det oppretta ein ekstra klasse vg1 restaurant- og matfag, slik at skulen i år har fem klassar på vg1. Tilbodet har 68 inntekne til 75 elevplassar. Fylkesdirektøren tilrår å redusere den klassen som blei oppretta i vår, og lyse ut fire klassar vg1.

Som vedtatt i hovudutvalet 20.4.2020 blir det nye programområdet vg2 bakar og konditor lyst ut ved Sandsli vgs. Tilsvarande går vg2 matfag ut av strukturen.

### Nærskuleområde 5 – Indre Sogn

#### Sogndal vgs:

Inneverande skuleår har ikkje skulen vg2 kokk og servitør, då det ikkje var vg1 restaurant- og matfag skuleåret 2019/20. Det er 6 elevar på vg1 i år, så det kan bli vanskeleg å få tilstrekkeleg oppfylling, men fylkesdirektøren tilrår at klassen blir lyst ut.

### Nærskuleområde 7 – Sogn og Sunnfjord

#### Mo og Øyrane vgs:

Inneverande skuleår er det to klassar vg1 restaurant- og matfag, det er tatt inn 16 elevar til 24 plassar. Med kravet til innsparing tilrår fylkesdirektøren at vg1 restaurant- og matfag og vg2 kokk og servitør blir redusert til ein klasse på kvart nivå.

### Nærskuleområde 8 – Nordfjord

#### Måløy vgs:

Inneverande skuleår har ikkje skulen tilbod på vg2 kokk og servitørfag, då det ikkje var vg1 skuleåret 2019/20. For skuleåret 2021/22 må det difor opprettast vg2 igjen.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskuleområde	Restaurant- og matfag (RM)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
3	Sandsli vgs	1	restaurant- og matfag	5	-1	4
3	Sandsli vgs	2	bakar og konditor	0	1	1
5	Sogndal vgs	2	kokk og servitør	0	1	1
7	Mo og Øyrane vgs	1	restaurant- og matfag	2	-1	1
7	Mo og Øyrane vgs	2	kokk og servitør	2	-1	1
8	Måløy vgs	2	kokk og servitør	0	1	1

Tabell 23: RM

## 10.1.9. Sal, service og reiseliv (SR)

Som ein del av ny struktur på yrkesfag blir alle vg2-tilbod på service og samferdsel lagt ned frå hausten 2021. Vg1 blei lagt ned hausten 2020.

På same måte som helse- og oppvekstfag, er sal, service og reiseliv (tidlegare service og samferdsel) eit utdanningsprogram som er spreitt og bidreg til å balansere kjønnsfordeling på skulane, og gi eit likeverdig tilbod. Koronasituasjonen gjorde at mange søkarar til læreplass stod utan tilbod etter skuleåret 2019/20, særleg innan salsfaget. Det er nærliggande å tru at salsfaget også kan bli ramma dei neste åra pga. pandemien. Innan utdanningsprogrammet har det vore mellom 19 og 23 elevar som tek fagopplæring i skule mellom 2015 og 2019. Med få unntak er desse tilboda gjennomført i tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Det kan vere utfordrande å balansere riktig dimensjonering til elevane sin rett til tilbod, tal læreplassar, likeverdige tilbod og kjønnsbalanse ved skulane. Det vil særleg kome til uttrykk i utdanningsprogram som har lausare tilknytning til lærlingordninga enn andre. Til dømes er det om lag 28 % av elevane som har overgang til vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter fullført vg2. Det er derfor viktig at fylkeskommunen har ein beredskap for at behov for påbygging til generell studiekompetanse og alternativ vg3 kan oppstå, slik at tilbod kan bli oppretta når ein ser at formidlingstala er lågare enn søkarar til læreplass.

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 20.4.2020 (sak PS 16/2020) at tilbod og lokalisering av vg2 skal vere som følgjer:

Skule	Sal og reiseliv	Service og sikkerheit
Amalie Skram vgs	x	x
Flora vgs	x	
Mo og Øyrane vgs	x	
Os vgs	x	
Sogndal vgs	x	
Sotra vgs	x	
Stend vgs	x	x
Stord vgs	x	
Stryn vgs	x	
Voss gym	x	
Åsane vgs	x	x

Tabell 24: lokalisering SR

### Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

#### Amalie Skram vgs:

Skulen har fire klassar vg1 med totalt 60 elevplassar. Til skuleåret 2020/21 er det tatt inn totalt 57 elevar, men berre 44 av desse har ungdomsrett – som er det fylkeskommunen dimensjonerer for. Fylkesdirektøren tilrår derfor at tilbodet blir redusert med ein klasse, frå fire til tre klassar.

### Nærskuleområde 5 – Indre Sogn

#### Årdal vgs:

Skulen har ikkje tilbod på vg1 sal, service og reiseliv inneverande skuleår, og det er derfor ikkje grunnlag for vg2 skuleåret 2021/22

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskule-område	Sal, service og reiseliv (SR)					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
3	Amalie Skram vgs	1	sal, service og reiseliv	4	-1	3
5	Årdal vgs	2	sal og reiseliv	1	-1	0

Tabell 25: SR

## 10.1.10. Teknologi- og industrifag (TIP)

### Nærskuleområde 2 – Hardanger og Voss

#### Kvam vgs:

Kvam vgs har søkt om å få opprette vg2 transport og logistikk frå skuleåret 2021/22. Søknaden blir støtta av Handalag opplæringskontor. Skulen og opplæringskontoret viser til at det er positiv interesse frå bedrifter til å ta imot lærlingar i dei aktuelle lærefaga og at det er sterkt ønskeleg for lokalsamfunnet med fleire vg2-tilbod for å unngå av elevar reiser bort på vg2.

Skulen viser vidare til eit erstatningsbehov i næringa i neste femårsperiode, og har starta arbeid med intensjonsavtale med lokale bedrifter, jf. vedlegg. Avtalen er på eit veldig tidleg stadium og er knytt til at partane skal gjennomføre fleire møte. Samarbeidet mellom skule og arbeidsliv skal etter avtalen omfatte praksisplassar, lærlingplassar, tilgang på fasilitetar og ev. kjøp i samband med undervisning/kurs innan programområdet.

Fylkesdirektøren har vurdert søknaden og meiner grunnleggjande at intendert samarbeid mellom arbeidslivet og skulen for å gjennomføre opplæringa i samarbeid med arbeidslivet er god. Samtidig ligg det i dag ikkje føre forplikande avtalar av nokon grad. Eit slikt samarbeid om opplæringa er såpass komplekst at det trengst vidare drøftingar og utgreiingar om korleis samarbeid om opplæringa kan fungere.

Fylkeskommunen må vere sikre på at de finst praksisarenaer over fleire år. Skulle eit samarbeid mellom skulen og arbeidslivet bli brote, eller ein ikkje kjem i mål med intensjonsavtalane, vil fylkeskommunen ha eit ansvar for å gi opplæringa. Fylkeskommunen har ikkje eigna areal ute eller inne for opplæring innan transport og logistikk i Kvam.

Fylkesdirektøren vil likevel peike på at det er positivt at samtaler om eit slikt samarbeid finn stad, og meiner at eit tilbod kan vurderast i framtida under føresetnad om at opplæring i programfaga i sin heilskap leggst til bedrift. Dette krev tydelege og forplikande samarbeidsavtalar mellom skular og aktuelle bedrifter. Fylkesdirektøren meiner samarbeidet er i eit for tidleg stadium til å kunne tilrå utlysing av dette tilbodet allereie våren 2021.

Skulen har to klassar vg1 inneverande år, og ingen tilbod på vg2. Fylkesdirektøren tilrår å opprette vg2 industriteknologi.

#### Voss vgs:

Skulen har to klassar vg1 teknologi og industrifag. På vg2 tilbyr skulen ein klasse vg2 industriteknologi, ein vg2 arbeidsmaskiner og ein halv klasse vg2 køyretøy.

Vg2 køyretøy har åtte inntatte elevar og den halve klassen er såleis full. Samtidig må fylkesdirektøren vurdere kostbare tilbod opp mot salderingsbehov i sektoren. På grunnlag av den økonomiske situasjonen fylkeskommunen er i, salderingsbehov og kostnadar med halve klassar, tilrår fylkesdirektøren å ikkje lyste ut vg2 køyretøy skuleåret 2021/22.

### Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen

#### Fusa vgs:

Skulen ønsker å tilby ysk vg2 automasjon som ein del av det samla ysk-tilbodet. Fusa vgs har ikkje utdanningsprogrammet elektro og datateknologi i dag, og ønsker å tilby eit kryssløp frå vg1 teknologi- og industrifag til vg2 elektro og datateknologi. Skulen melder at det ikkje vil medføre ein auka kostnad utover nokre timar dei eventuelt finansierer på eige budsjett, og at dei har naudsynt kompetanse. Elevgrunnlag vil vere frå vg1 ysk teknologi- og industrifag og er avhengig av tal læreplassar i bedrift. Skulen gir tilbakemelding om at elevane vil få mesteparten av opplæringa i programfagstimane i bedrift.

Skulen har sju plassar på vg1 tip ysk. Fylkesdirektøren tilrår at skulen i tillegg får inntil fire plassar for ysk automasjon. Dette er under føresetnad at det ikkje krev ekstra ressursar utover den halve klasseressursen som ligg til skulen i dag, då det ikkje er økonomisk handlingsrom for å auke ut over den halve klassen. Det totale plasstalet skal ikkje overstige 11.



### Laksevåg og Bergen maritime vgs:

Fylkeskommunen har våren og hausten 2020 hatt utfordringar med formidling av elevar frå vg2 brønnteknikk. Per 27.10.2020 var 25 av 43 elevar formidla til læreplass. I ein normalsituasjon går formidlingsarbeidet greitt, men gitt oljeprisfall og koronasituasjonen er det uvisst kor lang tid framover dette kan vere ei utfordring. Når 18 søkarar til læreplass ikkje er formidla, tilrår fylkesdirektøren å justere ned tilbodet frå tre klassar til to klassar skuleåret 2021/22.

### Os vgs:

Skulen ønsker å gjere om ein klasse vg2 køyretøy til ein halv klasse vg2 køyretøy og ein halv klasse vg2 arbeidsmaskin. Dette vil gi ein netto auke i kostnad framfor å ha ein heil klasse, og fylkesdirektøren tilrår ikkje å gjere denne endringa no. Samtidig adresserer skulen nokre utfordringar med å fylle opp vg3 anleggsmaskinmekanikar (landslinje) sidan vg2-tilbod andre stader har blitt lagt ned. Fylkesdirektøren ønsker å ta med seg desse vurderingane vidare for å gjere ei breiare vurdering av tilbodsstrukturen.

### Nærskuleområde 4 – Nordhordland

#### Austrheim vgs:

Skulen ønsker å auke opp vg2 køyretøy og vg2 industriteknologi til heile klassar. Tal avgangselevar i området tilseier ikkje at det er behov for det. Skulle prognoseinntaket vise seg at det er behov for å justere opp tilbodet grunna auka elevsøking, vil fylkesdirektøren vurdere det i justeringssaka våren 2021.

### Nærskuleområde 5 – Indre Sogn

#### Årdal vgs:

Skulen har 1 klasse vg1 teknologi og industrifag, det er vanskeleg å rekruttere til meir enn det. Søkinga til vg2 kjemiprosess har dei siste åra vore svært god, og sjølv om det er einaste tilbodet i nordfylket rekrutterer tilbodet mest lokalt. Det har gått ut over søkinga til vg2 industriteknologi, der det var tatt inn 7 elevar per 11. september. For å møte innsparingskravet sektoren står overfor, tilrår fylkesdirektøren derfor at vg2 industriteknologi ikkje blir lyst ut for skuleåret 2021/22. Konsekvensen av det er at nærskuleområde 5 ikkje har tilbod i programområdet industriteknologi.

Bilbransjens opplæringskontor ber om at det blir vurdert auke i plasstalet i klassane på vg2 køyretøy i nordfylket. Det er Sogndal, Mo og Øyrane og Måløy vgs som har vg2 køyretøy. Konklusjonen i auke i plasstalet i yrkesfag, presentert i del 7, betyr at plasstalet blir auka.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Teknologi og industrifag (TP)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
2	Kvam vgs	2	industriteknologi	0	1	1
2	Voss vgs	2	køyretøy	0,5	-0,5	0
3	Fusa vgs	1	ysk tip (kryssløp til automasjon)	0,5	Tilbodet blir også lyst ut med inntil fire plassar for automasjon. Det totale plasstalet skal ikkje overstige 11.	
3	Laksevåg og Bergen maritime vgs	2	brønnteknikk	3	-1	2
5	Årdal vgs	2	industriteknologi	1	-1	0

Tabell 26: TP

## 10.2. Studieførebuande utdanningsprogram

Fem studieførebuande utdanningsprogram fører fram til studiekompetanse. I tillegg gir vg3 påbygging til generell studiekompetanse elevar som har fullført eit vg1 og vg2 yrkesfagleg løp studiekompetanse. Innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar er også lagt inn i dette kapittelet. Dette tilbodet er tiltenkt minoritetsspråklege søkarar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, men som ikkje har gode nok norskkunnskapar til å følgje opplæringa i eit ordinært utdanningsprogram. Innføringstilbodet skal betre føresetnadene for å følgje opplæringa i vg1, og vil passe for alle elevar anten dei har planar om å starte på ei studieførebuande eller ei yrkesfagleg opplæring året etter.

Tabellen under viser tilbod på studieførebuande utdanningsprogram der endringane berre er tilpassingar til tal klassar inneverande skuleår.

Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22	Grunngiving
1	Bømlo vgs	2	studiespesialisering	1	1	2	Tilpassing til 2 kl vg1 inneverande år
1	Bømlo vgs	3	studiespesialisering	2	-1	1	Tilpassing til 1 kl vg2 inneverande år
3	Amalie Skram vgs	3	studiespesialisering	5	-1	4	Tilpassing til 4 kl vg2 inneverande år
3	Nordahl Grieg vgs	2	medium og kommunikasjon	2	-1	1	Tilpassing til vg1 inneverande år
3	Årstad vgs	3	studiespesialisering	1	1	2	Tilpassing til 2 kl vg2 inneverande år
3	Åsane vgs	2	idrettsfag	1	1	2	Tilpassing til 2 kl vg1 inneverande år
5	Sogndal vgs	2	idrettsfag	1	0,5	1,5	Tilpassing til 1,5 kl vg1 inneverande år
7	Hafstad vgs	3	kunst, design og arkitektur	1	-0,5	0,5	Tilpassing til 0,5 kl vg2 inneverande år
7	Hafstad vgs	3	medium og kommunikasjon	1	-0,5	0,5	Tilpassing til 0,5 kl vg2 inneverande år
8	Firda vgs	2	idrettsfag	1	0,5	1,5	Tilpassing til 1,5 kl vg1 inneverande år
8	Firda vgs	2	studiespesialisering	1	0,5	1,5	Tilpassing til 1,5 kl vg1 inneverande år
8	Stryn vgs	2	studiespesialisering	2	-1	1	Tilpassing til 1 kl vg1 inneverande år

Tabell 27: studieførebuande tilbod

### 10.2.1. Idrettsfag (ID)

Jamfør tabell 27 blir tilbodet tilpassa til tal klassar inneverande skuleår i tillegg til tilrådingane under.

#### Nærskuleområde 2 – Hardanger og Voss

##### Odda vgs:

Skuleåret 2020/21 blei det sett i gang ein halv klasse idrettsfag i kombinasjon med ein halv klasse studiespesialisering. Fylkesdirektøren tilrår å spisse det studieførebuande opplæringstilbodet og legge ned vg1 idrettsfag. Vg1 studiespesialisering blir tilsvarende auka med ein halv klasse. Denne omlegginga vil gi ein økonomisk effekt, sidan ein halv klasse kostar 75 % av ein heil klasse. Skulen kan tilby programfag frå idrettsfag til elevar på studiespesialisering.

#### Nærskuleområde 5 – Indre Sogn

##### Sogndal vgs:

Skulen fekk oppretta ein ekstra halv klasse i inntaket. Fylkesdirektøren rår til at tilbodet blir redusert tilbake til ein klasse.

## Nærskuleområde 8 - Nordfjord

### Firda vgs:

Skulen fekk oppretta ein ekstra halv klasse i inntaket. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet blir redusert tilbake til ein klasse.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskule-område	Skule	Nivå	Idrettsfag (ID)			
			Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
2	Odda vgs	1	idrettsfag	0,5	-0,5	0
5	Sogndal vgs	1	idrettsfag	1,5	-0,5	1
8	Firda vgs	1	idrettsfag	1,5	-0,5	1

Tabell 28: ID

## 10.2.2. Kunst, design og arkitektur; medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama (KDA, ME og MDD)

Jamfør tabell 27 blir tilbodet tilpassa til tal klassar inneverande skuleår i tillegg til tilrådingane under.

### Nærskuleområde 2 – Hardanger og Voss

#### Voss gymnas:

Skulen tilbyr dei studieførebuande utdanningsprogramma studiespesialisering (st), idrettsfag (id), kunst, design og arkitektur (kda) og medium og kommunikasjon (mdd). Alle dei studieførebuande utdanningsprogramma skal kvalifisere elevane for høgare utdanning.

KDA og MDD har ein halv klasse kvar på kvart trinn. Klassane på kvart trinn blir slått saman i fellesfaga. Tabellane under viser elevtal på kvart trinn inneverande skuleår og primærøkarar med ungdomsrett til vg1.

Elevteljing haust 2020			
	vg1	vg2	vg3
KDA	13	9	10
MDD	17	12	8
ID (inkl. toppidrett)	37	27	31
ST	43	52	52
Sum	110	100	101

Tabell 29: elevteljing haust 2020

Primærøkarar med ungdomsrett vår 2020		
	vg1	Plasstal
KDA	8	10
MDD	14	19
ID (inkl. toppidrett)	43	39
ST	40	60
Sum	105	128

Tabell 30: primærøkarar vår 2020

Med unntak av søkarar til vg1 toppidrett var det tatt inn fleire på dei studieførebuande utdanningsprogramma enn tal primærøkarar med ungdomsrett. På vg1 studiespesialisering er det god kapasitet.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at det er behov for å konsentrere dei studieførebuande utdanningstilboda, særleg i lys av den økonomiske situasjonen fylkeskommunen står i.

Gjennom å konsentrere tilboda, kan ein få høgare oppfylingsgrad på studiespesialisering og oppnå ei betre ressursutnytting. Særleg er musikk, dans og drama kostnadskevjangende, der kostnad per enkeltklasse er om lag det dobbelte av kostnaden ved ein ordinær studiespesialiserande klasse.

Ein negativ konsekvens av dette er at dei kreative og utøvande utdanningsprogramma blir fasa ut. Særleg er dette knytt til musikk, dans og drama der elevar med ferdigheiter innan og motivasjon for eit eige løp i musikk blir tatt bort. Dette kan bøstast på ved å tilby programfag frå utdanningsprogrammet musikk, dans og drama på studiespesialisering. Desse programfaga kan då inngå som dei valfrie programfaga elevane vel på vg2 og vg3 studiespesialisering.

Sett i lys av eit kravet som ligg til saldering av sektoren sine budsjett og behov for å auke oppfyllingsgraden på studieførebuande utdanningsprogram, tilrår fylkesdirektøren å ikkje lyse ut vg1 musikk, dans og drama og vg1 kunst, design og arkitektur ved Voss gymnas.

### **Nærskuleområde 3 – Stor-Bergen**

#### **Nordahl Grieg vgs:**

I inntaket reduserte fylkesdirektøren ein klasse vg1 medium og kommunikasjon etter administrativ fullmakt. Klasseressursen blei nytta til ein klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk på Arna vgs.

Fylkesdirektøren tilrår at den eine vg1-klassen som blei redusert til skuleåret 2020/21 ikkje blir justert opp igjen til skuleåret 2021/22 av økonomiske årsaker. Fylkesdirektøren tilrår å redusere med ein klasse på vg2, dette som følgje av redusert klassetal på vg1 dette skuleåret.

### **Nærskuleområde 5 – Indre Sogn**

#### **Sogndal vgs:**

Etter tredje inntak var det tatt inn 15 elevar til 15 plassar på vg1 medium og kommunikasjon. Per september 2020 var det seks elevar igjen på tilbodet. Utdanningsprogrammet har gjennom fleire år hatt svak søking ved skulen. Fylkesdirektøren tilrår at utdanningsprogrammet blir fasa ut og at det ikkje blir lyst ut vg1 for skuleåret 2021/22. Tilrådinga er i samsvar med skulen sitt innspel. Skulen legg til grunn for framlegget at tilbodet i utdanningsprogrammet studiespesialisering blir auka frå tre til fire grupper. Med slik auke ser skulen at det er rom for å tilby programfag frå utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon i til elevane i studiespesialisering.

Slik auke ligg ikkje i framlegget til utlyst tilbod. Tal avgangselevar som soknar til nærskuleområdet er stabilt, men sidan søkarar frå både kommunane Vik og Aurland vil få nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane på Voss, kan det påverke søking til Sogndal vgs.

### **Nærskuleområde 7 – Sunnfjord og Sogn**

#### **Hafstad vgs:**

Som einaste skulen i nordfylket tilbyr skulen utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur. Tilbodet er ein halv klasse kombinert med ein halv klasse medium og kommunikasjon, for å tilpasse tilboda til tal søkarar.

Som del av framlegget for å møte innsparingskravet tilrår fylkesdirektøren å fase ut tilbodet i utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur, og berre tilby medium og kommunikasjon.

Kostnadane ved to halve klassar svarer til om lag 1,5 klasse.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Kunst, design og arkitektur (KD)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
2	Voss gymnas	1	kunst, design og arkitektur	0,5	-0,5	0
7	Hafstad vgs	1	kunst, design og arkitektur	0,5	-0,5	0

Tabell 31: KD

Medium og kommunikasjon (ME)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
5	Sogndal vgs	1	medium og kommunikasjon	0,5	-0,5	0

Tabell 32: ME

Musikk, dans og drama (MDD)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
2	Voss gymnas	1	musikk, dans og drama	0,5	-0,5	0

Tabell 33: MDD

### 10.2.3. Påbygging til generell studiekompetanse (PB)

#### Nærskuleområde 1-4:

I sak om opplæringstilbud for skuleåret 2020/21, handsama 02.12.2019, blei det lagt ned fire klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse og tre klassar vg4 påbygging til generell studiekompetanse. I justeringssaka blei det justert opp ein klasse vg4. Desse justeringane blei gjort på skular i Bergen.

I nærskuleområdet Stor-Bergen, der det i volum har vore størst formidlingsutfordringar, har det også vore underdekning på vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Korleis koronapandemien vil påverke tilgang på læreplassar framover er uvisst og kan ha konsekvensar for behovet for vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Fylkesdirektøren rår ikkje til å endre kapasiteten for tilbodet i nærskuleområda i sørfylket for skuleåret 2021/22.

#### Nærskuleområde 7 – Sunnfjord og Sogn

##### Hafstad vgs:

Det blei oppretta ein ekstra klasse vg3 påbygging til generell studiekompetanse i justeringssaka våren 2020. Samla var det svært mange utan skuleplass. På grunnlag av tal permitterte lærlingar på det tidspunktet, var det grunn til å forvente større overgang til påbygging til generell studiekompetanse enn tidlegare år. Fylkesdirektøren tilrår at den ekstra klassen blir tatt ned igjen for skuleåret 2021/22.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Påbygging til generell studiekompetanse (PB)						
Nærskule-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
7	Hafstad vgs	3	påbygging til generell studiekompetanse	2	-1	1

Tabell 34: PB

## 10.2.4. Studiespesialisering (ST)

Jamfør tabell 27 blir tilbudet tilpassa til tal klassar inneverande skuleår i tillegg til tilrådingane under.

### Nærskuleområde 1 – Sunnhordland

#### Austevoll vgs:

Skulen har per 11. september ni inntekne elevar til 30 plassar. Avgangskullet i 10. trinn frå Austevoll kommune er 23 færre elevar våren 2021 samanlikna med våren 2020, og gir eit monaleg lågare rekrutteringsgrunnlag. Fylkesdirektøren tilrår på bakgrunn av tal inntekne elevar, søkargrunnlag og salderingsbehov i sektoren å legge ned vg1 studiespesialisering ved skulen. Elevane frå Austevoll kommune får nærskulepoeng til vg1 studiespesialisering i nærskuleområda Sunnhordland og Stor-Bergen.

#### Bømlo vgs:

Per 11. september var det 41 inntekne elevar til 60 plassar, fordelt på to klassar vg1 studiespesialisering. Tal frå grunnskulane viser at det våren 2021 vil vere 18 færre avgangselevar i 10. trinn i Bømlo kommune enn våren 2020. Fylkesdirektøren vurderer grunnlaget for vg1 til å bli lågare enn til inneverande skuleår, og tilrår å redusere vg1 frå to til ein klasse.

Fylkesdirektøren si tilråding til endring:

Nærskuleområde	Studiespesialisering					
	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Fylkesdirektøren si tilråding 2021/22
1	Austevoll vgs	1	studiespesialisering	1	-1	0
1	Bømlo vgs	1	studiespesialisering	2	-1	1
2	Odda vgs	1	studiespesialisering	0,5	0,5	1

Tabell 35: ST

## 10.2.5. Innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar

Ingen endring. Tilbodet blir gitt ved Bergen Katedralskole og Årstad vgs.

# 11. Vidaregåande opplæring for vaksne

### Vaksne sin rett til vidaregåande opplæring

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje er godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf. opplæringslova § 4A-3.

Vaksne har elles rett til påbygging til studiekompetanse dersom dei har gjennomført og bestått fag- og yrkesopplæring som del av ungdomsretten, eller generelt har gjennomført denne opplæringa før dei fyller 25 år. Retten er knytt til fullført-år 2014 eller seinare.

Yngre vaksne med ungdomsrett kan søka om å få gjennomført opplæringa som vaksenopplæring, jf. opplæringslova § 3-1.

Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3.

### Inntak og informasjon i vidaregåande opplæring for vaksne

Loverket slår fast at vaksne skal kunne søke opplæring uavhengig av fristane som gjeld for ungdom, og at fylkeskommunen skal gi tilbod innan rimeleg tid, jf. forskrift § 6-47, Udir 2-2008. I praksis har fylkeskommunen løyst dette ved å ha eit hovudinntak på hausten og eventuelt eit supplerande inntak i januar.

Loverket slår også fast at vaksne primært skal takast inn til opplæringstilbod organisert for vaksne og at dei normalt skal få den sluttkompetansen dei ønskjer, jf. forskrift § 6-45.

Målgruppa for vidaregåande opplæring har endra seg mykje dei siste åra. Frå å vere tilbod for ufaglærte vaksne med praksis innanfor eit fagområde, omfattar søknaden no om lag halvparten med minoritetspråklege søkarar av flyktingar og innvandrarak. Søkarane har ofte låg utdanning, eventuelt lite relevant vidaregåande utdanning frå heimlandet, og får grunnskuleopplæring i kommunane. I vidaregåande opplæring treng dei meir omfattande og ressurskrevjande opplæring enn det som har vore normalen i tidlegare år.

Fylkesdirektøren kjenner lite til bakgrunnen for den yrkesfaglege preferansen til desse målgruppene, men registrerer at søknaden til helse- og oppvekstfaga er langt større enn det utlyste opplæringstilbodet.

Seinare tolkingar av vaksne sin rett til å få opplæringstilbod i den sluttkompetansen dei ønskjer, ser ut til å legge større vekt på fylkeskommunen sitt høve til å gi ei opplæring som fører fram til ein yrkesfagleg sluttkompetanse, som til dømes at fylkeskommunen har tilbod i det aktuelle faget, eller at det er tilgang til lærekontraktar, jf Udir 2-2008. Dette tilseier at det må leggest ned eit betydeleg arbeid for å motivere søkarane til å vurdere heile opplæringstilbodet, i praksis også andre fag i tillegg til helse- og oppvekstfaga. Her må opplæringskontor og verksemder gå aktivt inn og presentere seg i dei kommunale vaksenklassane i grunnskulen, eventuelt i forum som samlar arbeidsledige. Rettleiingstenesta må gjennomføre eit vedvarande informasjonsarbeid mot kommunar og i samtalar med den einskilde søkaren.

Slik regelverket er i dag, er det naudsynt å vende søknadane inn mot heile opplæringstilbodet for å oppnå høg gjennomføringsgrad i den yrkesfaglege opplæringa og for å avstemme mogelegheitene til jobb etter avslutta utdanning til arbeidslivets behov for faglært arbeidskraft - også i dei faga som normalt har noko mindre søknad frå ungdom.

#### Det vidaregåande tilbodet for vaksne 2021

Med det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne 2021, er det første gong fylkesdirektøren legg fram eit samla tilbod for heile Vestland. Tilbodet er ved 17 vidaregåande skular, 71 klassar fordelt på 7 utdanningsprogram og om lag 1400 elevplassar.

Opplæringstilbodet for 2021 tek ned noko av tilbodet i helse- og oppvekstfag og utvidar tilbodet innan bygg- og anleggsteknikk og teknologi- og industrifag. Omlegginga er naudsynt for i større grad å tilpasse tilbodet til breidda i arbeidslivet og den samla etterspurnaden etter kompetanse. Opplæringa og deltakarane vil såleis få eit breiare tilbod, vonleg betre tilgang til lærekontraktar og dermed høve til å gjennomføre opplæringa i lærefaget. Omlegginga må gjennomførast gradvis over år.

Opplæringstilbodet for 2021 aukar også talet på kombinasjonsklassar, dvs. klassar som både har ungdom med ungdomsrett og vaksne med vaksenrett til vidaregåande opplæring. Auka er ved vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Stord vgs og vg1 restaurant- og matfag ved Fitjar vgs.

Kombinasjonsklassane utnyttar ledig opplæringskapasitet i ofte utsette fag i distriktsskulane, utvidar opplæringstilbodet til søkarane og aukar tilgangen til faglært arbeidskraft i respektive område. Erfaringane med kombinasjonsklassar viser også til eit styrka læringsmiljø dels ved at klassen blir større enn den alternative halve klassen, og dels ved miks i alder, bakgrunn og erfaring. Det blir vesentleg å hauste meir erfaring med desse klassane og eventuelt vurdere å auka talet på kombinasjonsklassar i framtida.

Skule	Tilbod	Utd-program	Nivå	Klassetal	Plasstal
Bergen Katedralskole	Studiekompetanse iht 23/5 regelen og påbygging til generell studiekompetanse over 1 år, 2 år og som innføringsklasse	ST	3	15	450
Sotra vgs	Studiekompetanse iht 23/5 regelen og påbygging til generell studiekompetanse over 2år	ST	3	1	30
Sotra vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Sotra vgs	Bygg- og anleggsteknikk	BA	1	1	15
Sotra vgs	Barne- og ungdomsarbeidarfag	HO	2	1	15
Sotra vgs	Helsearbeidarfag	HO	2	1	15



Stord vgs	Studiekompetanse iht 23/5 regelen og påbygging til generell studiekompetanse over 2år	ST	3	1	30
Stord vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Stord vgs	Bygg- og anleggsteknikk / kombinasjonsklasse	BA	1	1	8
Fitjar vgs	Restaurant- og matfag / kombinasjonsklasse	RM	1	1	8
Voss gymnas	Studiekompetanse iht 23/5 regelen og påbygging til generell studiekompetanse over 2år	ST	3	1	30
Voss gymnas	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Voss vgs	Kokk og servitørfag	RM	2	1	15
Voss vgs	Landbruk og gartnarnæring	NA	1	1	15
Voss vgs	Gartnarnæring	NA	2	1	15
Åsane vgs	Bygg- og anleggsteknikk	BA	1	1	15
Åsane vgs	Byggteknikk	BA	2	1	15
Åsane vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	2	30
Åsane vgs	Barne- og ungdomsarbeidarfag	HO	2	1	15
Åsane vgs	Helsearbeidarfag	HO	2	2	30
Åsane vgs	Helseservicefag	HO	2	2	30
Åsane vgs	Helsesekretær	HO	3	1	15
Åsane vgs	Tannhelsesekretær	HO	3	1	15
Knarvik vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Knarvik vgs	Helsearbeidarfag	HO	2	1	15
Sandsli vgs	Restaurant- og matfag	RM	1	1	15
Sandsli vgs	Kokk- og servitørfag	RM	2	1	15
Stend vgs	Landbruk og gartnarnæring	NA	1	1	15
Stend vgs	Landbruk	NA	2	1	15
Hafstad vgs	Studiekompetanse iht 23/5 regelen og påbygging til generell studiekompetanse over 1 år, 2år	ST	3	6	180
Firda vgs	Helseservicefag	HO	2	1	15
Firda vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Firda vgs	Helsearbeidarfag	HO	2	1	15
Firda vgs	Industrieteknologi	TP	2	1	15
Mo og Øyrane vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Mo og Øyrane vgs	Barne- og ungdomsarbeidarfag	HO	2	1	15
Mo og Øyrane vgs	Industrieteknologi	TP	2	1	15
Mo og Øyrane vgs	Bygg- og anleggsteknikk	BA	1	1	15
Mo og Øyrane vgs	Landbruk og gartnarnæring	NA	1	1	15
Mo og Øyrane vgs	Landbruk	NA	2	1	15
Flora vgs	Helse- og oppvekstfag	HO	1	1	15
Flora vgs	Helsearbeidarfag	HO	2	1	15
Flora vgs	Sal og reiseliv	SS	2	1	15
Flora vgs	Teknologi- og industrifag	TP	1	1	15
Høyanger vgs	Helse- og oppvekstfag / kombinasjonsklasse	HO	1	1	8
Høyanger vgs	Helsearbeidarfag / kombinasjonsklasse	HO	2	1	8
Sogndal vgs	Bygg- og anleggsteknikk	BA	1	1	15
Sogndal vgs / Årdal vgs	Helsearbeidarfag / kombinasjonsklasse	HO	2	1	8
Årdal vgs	Kjemiprosess og laboratoriefag	TP	2	1	15

Tabell 36: Det vidaregåande opplæringsstilbodet for vaksne

Kombinasjonstilbod ungdom og vaksne skuleåret 2021/22	
Skule	Tilbod
Fitjar vgs	Vg1 restaurant- og matfag
Høyanger vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag
	Vg2 helsearbeidarfag
Stord vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk

Tabell 37: kombinasjonstilbod skuleåret 2021/22